Det vart også gjennomført ei evaluering i kriseleiinga av ein større vasslekkasje i Valle sentrum i november.

Leiar for Velkomstsenter/HR har vikariert for rådgjevar i rolla som ansvarleg for informasjon og kommunikasjon, i samband med sjukefråvære.

Utfordringar

Etter fleire år der pandemi-handteringa har hatt hovudfokus er det no behov for revisjon av ROS-analyse og planverk. Statsforvaltaren har varsla tilsyn på beredskapsområdet i april. Resultatet av tilsynet vil danne grunnlaget for eventuelt forbetningsarbeid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	207	155	69	-86	-125,9 %

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen for 2022 syner eit lite overforbruk på området. Dette skuldast i hovudsak kostnader til dataverktøy.

Næring

Beskriving av tenesteområde

Valle kommune har eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handvert og naturbaserte verksemder står sterkt. Kommunen skal vere ein attraktiv "fritidskommune" for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland). Også i 2022 har der vore stor aktivitet med hyttebygging i Brokke. Dette gir positive ringverknadar for heile kommunen.

Funksjonen næring har fått ein dedikert ressurs i administrasjonen i 2022. Valle kommune deltek i Næringsnettverket i regi av Setesdal Interkommunale Politiske Råd (SIPR).

Utvikling

- Eige næringsteam etablert i kommuneadministrasjonen der næringsrådgjevar, teknisk leiar og kommunedirektør deltek.
- Rapporten frå forvaltningsrevisjonen av kommunen sitt arbeid med næringsutvikling er under oppfølging og vert fylgd opp innan fristen som er sett av kontrollutvalet til 01.04.2023.

Utfordringar

- Rekruttering av kompetanse og arbeidskraft
- Fleire verksemder manglar om bustadmangel
- Behov for ein ny næringsplan som peikar retning framover

Utvalde resultat

- Tiltaks- og næringsfondet fekk i 2022 11 søknadar om tilskot der 10 har vorte innvilga. Valle kommune har har 2022 utbetalt kr 813 000 frå fondet.
- Næringsfrokost arrangert i juni og september.
- Temakveld for næringslivet arrangert i samarbeid med Valle Sparebank og Valle Næringslag den 22.november.

Status økonomi

Beløp i 1000

Årsmelding 2022

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	2 354	2 932	3 035	103	3,4 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,00 %	68,97 %	68,97 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,00 %	75,47 %	75,47 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Kultur, bibliotek

Beskriving av tenesteområde

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	1,00	1,00
Lektor kulturskule	1,00	1,00
Lærarar folkemusikk, kulturskule	0,10	0,10
Fagarbeidar ungdomsarbeid	0,60	0,60
Fagarbeidar ungdomsklubb	0,04	0,04
Driftsoperatør symjehall	0,10	0,10
Driftsoperatør kino	0,05	0,05
Biblioteksjef	1,00	1,00
Bibliotekassistent	0,15	0,15
Sum	4,04	4,04

Tilsette: Leiar Kultur og fritid 100 %, biblioteksjef 100 %, bibliotekassistent 15 %, kulturskule 110 %, ungdomsarbeidar 60 %, assistent ungdomsklubb 4 %, badevakt/kinovakt 15 %.

Lovpålagde tenester: [Kulturskule](#) og [folkebibliotek](#). Sjå eiga årsmelding for biblioteket.

Andre tenesteområde: [Ungdomsarbeid og fritidsklubb](#), bygdekino, [fritidsbading](#), arrangement og markeringar, UNESCO-arbeid, prosjekt- og utviklingsarbeid (GORRLAUS, Prestefossen tursti), Den kulturelle spaserstokken, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, [kulturmidlar](#), [kulturprisen](#), [utviklingsstipend for ungdom](#), generell kulturdrift og diverse sakshandsaming.

Sjå elles eigne årsmeldingar for 230 Kultur og 231 Bibliotek.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
230-Kultur	3 805	3 929	3 952	23	0,6 %
231-Bibliotek	1 212	1 268	1 208	-60	-5,0 %
Sum	5 017	5 197	5 160	-37	-0,7 %

Kommentar til status økonomi

23 Kultur har eit resultat om lag i tråd med budsjett. Lønsauke i løpet av året er ikkje budsjettert på avd. men samla på ramme 33. Øyremerka tilskot som er motteke er enten nytta i drifta eller sett av på bundne fond.


230 Kultur har eit rekneskapsmessig overskot, medan 231 Bibliotek har meirforbruk. Sjå årsmeldingar frå 230 Kultur og 231 Bibliotek for forklaringar, men generelt er det underbudsjettering av løn og pensjonskostnader som gir underskot.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Kultur og idrett (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	7 626	10 500	11 808	11 862
Kostragruppe 15	3 766	3 836	3 939	3 409
Bygland	6 762	6 041	6 204	6 834
Bykle	25 045	24 407	24 636	24 249

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak

Ramme år
1

Status Risiko Beskriving

Nye tiltak

Unesco

85

Ferdig

Beløpet svarer til om lag 10 % stilling i kulturskolen. Ressursen er øyremerkt folkemusikk.

Årsmelding 2022

Tiltak	Ramme år	Status Risiko	Beskriving
	1		
Justering ramme; stadnamnprosjekt + Unescobidrag	330	Ferdig	Stadnamnprosjektet er eksternt finansiert med kr. 160 000 frå Språkrådet. Desse midla er overført til Setesdalsmuseet, som driftar prosjektet v/innleigd prosjektmedarbeidar. Resterande beløp, kr. 170 000, svarer til 20 % stilling leiar Kultur og fritid, øyremerkt arbeid med UNESCO-relaterte aktivitetar.
Sum	415		
Sum tiltak	415		

UNESCO/UNESCO-bidrag:

Leiar Kultur og fritid har ansvar for folkemusikkprosjektet Gorrlaus i Bygland, Valle og Bykle kommunar, og elles å jobbe med UNESCO-relatert arbeid, i inntil 20 % stilling. Dette inneber organisering av opplæring i folkemusikk i barnehagar og grunnskular gjennom prosjektet Gorrlaus og lokal DKS, søknadsskriving, rapportering, deltaking i ressursgruppe UNESCO og ulik andre fora, strategisk og praktisk samarbeid med Setesdalsfolk, Setesdal Spelemannslag og andre, med meir.

Ein del av midla (tilsvarande 10 % stilling) skulle nyttast til å styrke folkemusikkopplæringa i kulturskulen. Dei vart nytta til drift at leikarringen og kompetansehevingstiltak.

Stadnamnprosjektet :

Innsamlinga og registrering av stadmann er slutført. Prosjektleiar vil jobbe noko vidare med prosjektet våren 2023, med fokus på ferdigstilling, tilgjengeleggjering og formidling av databasen for stadnamn. Prosjektet finansiering: Kr 160 000 (i tre år) frå Språkrådet, eigedel Valle kommune kr. 40 000.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,21 %	5,79 %	6,00 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,27 %	1,38 %	1,65 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,32 %	3,02 %	3,34 %

Status sjukefråvær og HMS

Ingenting spesielt å kommentere.

Kultur

Beskriving av tenesteområde

Organisasjonskart

Oversikt over tilsette/funksjonar:

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	1,0	1,0
Lektor kulturskule, klassisk og rytmisk musikk	1,0	1,0
Lærarar folkemusikk	0,10	0,10
Fagarbeidar ungdomsarbeid *	0,5	0,5
Fagarbeidar ungdomsklubb	0,04	0,04
Driftsoperatør symjehall	0,1	0,1
Driftsoperatør kino	0,05	0,05
Sum	2,79	2,79

* + 10 % knytt til ungdomsarbeid i biblioteket

Tenester:

Lovpålagde tenester: [Kulturskule](#) og [folkebibliotek](#). Sjå eiga årsmelding for bibliotek.

Andre tenesteområde:

- UNESCO-satsing, inkl. Gorrlaus - opplæring i folkemusikk i barnehagar og grunnskuler i Valle, Bygland og Bykle kommunar
- [Ungdomsarbeid og fritidsklubb](#)
- bygdekino
- [fritidsbading](#)
- arrangement, aktivitetar og markeringar
- Den kulturelle spaserstokken
- prosjekt- og utviklingsarbeid (t.d. Prestefossen tursti)
- samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- generell kulturdrift og diverse sakshandsaming
- [kulturmidlar og -tilskot](#), utviklingsstipend for ungdom
- tilskott til museum (Setesdalsmuseet, Sylvartun)

Kulturskule

Lowverk:

- Opplæringslova.
- "Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning", som mellom anna seier:
 - *Kulturskolen skal samarbeide med skole- og kultursektor og medvirke til å styrke kompetanse og kulturell utfoldelse i lokalsamfunnet. Det innebærer et forpliktende samarbeid med barnehager, grunnskoler, videregående skoler, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktører innen kunst- og kulturformidling.*
 - *Kulturskolen skal inngå i kommunens plandokumenter og kan være en del av kommunens strategiarbeid både innen utdanning, kultur og helse.*

Elevtal skuleåret 2021-2022:

43 elevar, altså nesten 40 % av alle elevar i grunnskolen (mot 36 året før). I tillegg kjem deltakarar på gratis gruppetilbod, som ikkje blir registrerte i GSI, grunnskolen sitt informasjonssystem. Dette fordi det skal vere lågterskeltilbod, og det oppnår vi mellom anna ved mindre krav om forplikting og formalitetar.

Aktivitetar:

- Undervising i dei fleste instrumentgrupper og sjantrar. Alle elevar har både individuell undervising og samspel. Søskenrabatt 50 %.
- Kortkurs innaføre andre disiplinar, som kunst og dans, i samarbeid med ungdomsarbeid. Ekstern finansiering, vanlegvis avgiftsfrie.
- Opne gruppetilbod: Babysong (Musikk i livets begynnelse), barnehagekor, Musikkarusell i SFO, allsongstund for vaksne, musikkstunder på bygdeheimen. Frå nasjonalt nivå er det eit aukande fokus på at kulturskolen skal bidra inn mot fleire brukargrupper enn berre barn og unge, noko Valle kulturskule har jobba med/for relativt lenge. Inga deltakaravgift.
- Konsertar, besøk på bygdeheimen, UKM (Ung Kultur Møtast) og andre oppdrag.

Utvikling

Generelt

I Kultur og fritid jobbar vi bevisst for å inkludere alle og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Deltaking på våre arrangement og aktivitetar skal koste minst mogeleg, og det skal vere enkelt å kunne delta. Familie-/aktivitetsdager i kultursenteret, med open idrettshall og gratisaktivitetar, er populært, og også nokre hyttebuarar finn vegen til desse arrangementa. Vi involverer ofte ungdomar som arrangørar, til dømes ved at dei står for rigging og kiosk.

Trend: Yngre ungdomar (5.-7.trinn) deltek i stor grad på aktivitetstilbod, medan ungdomsskuleelevar søker meir mot uorganisert eigenaktivitet. At barn og unge deltek i organiserte fritidstilbod er ein beskyttelsesfaktor, og kan verke inn på psykisk helse, sosiale relasjonar, trivsel og oppfatting av identitet og tilhøyrighet. Dialog og medverknad er viktig, for å kunne gi ungdomane eit tilbod dei vil nytte.

Kultur samarbeider med det frivillige. Dette kan vere i form av samarbeid om arrangement, hjelp/retteleing når det gjeld bruk av sosiale medium, marknadsføring og søknadsskriving, med meir. Det ligg eit stort og tydingsfullt potensial for vidare utvikling i dette samarbeidet.

Kulturskolen

Vi prøver å gjere deltaking i kulturskulen så smidig og lettvtint som mogeleg for både elevar og foreldre. Kulturskulen har eit tett samarbeid med SFO, då vi veit at det for mange barn og unge vil vere utfordrande å delta i kulturskulen dersom dei er avhengige av skyss til og frå undervising. Elevar som er i SFO får sine kulturskuletimar i SFO-tid, og dei aller fleste elevane har sine timar før kl. 16. Musikkarusell er eit ope tilbod i SFO-tid, der barna kan kome saman og prøve ut ulike instrument eller spele saman på eige initiativ i Spelestoga. Dersom dei heller har lyst til å måle eit bilete eller danse, kan dei det. I Spelestoga, kulturskulen sitt faste lokale, er det eit koseleg oppholdsrom med sofa, ulike instrument og storskjerm, der elevane kan møtast mellom og utanom timane.

Kulturskulen er synleg på mange arenaer, og vi har fleksible og engasjerte lærarar som deltek med elevene på arrangement og framsyningar både i helger og på kveldstid. Når vi arrangerer konsertar, startar vi med lydprøver i Storstoga rett etter skoletid, og elevene får mat og tid til å slappe av før vi går i gong. Vi prøver også å gjere desse konsertane til ein happening for heile familien, og inviterer gjerne til middag til ein billig pris og open idrettshall før konserten. I slike samanhengar er det ofte ungdommar som står for rigging, rydding, kiosk og matsal, med støtte av ein vaksen eller to.

Utfordringar

Den største utfordringa er å få til etterspurd og ønska aktivitet når vi er få tilsette.

Samanlikna med kostragruppe 15 ser vi at Valle kommune har høgt forbruk på kultur per innbyggjar. Hovudårsakene til at vi ligg høgt i utgifter per innbyggjar er

- tilskot til museum og frivillige lag og organisasjonar
- høge driftsutgifter på bibliotek og kommunale idretts- og kulturbygg
- driftsutgifter barn og unge ligg i mange kommunar heilt eller delvis under sosial eller oppvekst

Faste tilskot og kulturmidlar utgjer 40 % av budsjettet til Kultur og fritid, ansvar 5170, og 30 % av samla budsjett for eining 23.

Kulturskule

- Ønskelig med meir kapasitet til å tilby fleire disiplinær i kulturskulen, som til dømes innføre dans, kunst, e-sport.
- Auke rekrutteringa innføre folkemusikk.
- Motivere elevar til å halde fram i kulturskulen gjennom ungdomsskulen.
- Rekrutterie/motivere fleire gitarar til deltaking i kulturskulen.

Vi meiner vi kanskje kunne rekruttert fleire gitarar, og halde på nokre fleire elevar over i ungdomsskulealder, dersom vi hadde fleire tilbod som var tilpassa ulike interesser og alder. Dette kan, til ei viss grad, vegast litt opp ved kortkurs innføre ulike felt, men med få tilsette er det utfordring med kapasitet til planlegging og organisering.

Som nemnt har kulturskulen opne tilbod i barnehage, SFO og Pleie og omsorg. Det er viktig med forankring av desse tilboda i dei respektive andre einingar, noko vi jobbar kontinuerleg for. Vi ønskjer å optimalisere tilboda og sikre oss at vi tilbyr mest mogleg brukartilpassa tenester.

Utvalde resultat

Årsmelding 2022

Kultur og fritid i Valle kommune har eit hovudfokus på barn og unge, men ønskjer å tilby kultur til alle - heile livet.

Eininga består av berre drøye 4 årsverk, og ved å samarbeide med andre får vi til ting vi ikkje kan klare åleine. Vi søkjer derfor i stor grad å samarbeide på tvers av eininga og med andre avdelingar, frivillige og nabokommunar.

Som nemnt i førre kapittel har det vore ei jamn auke i elevtal deis siste åra, og skuleåret 2021-2022 deltok 40 % av alle elevar i grunnskulen i kulturskulen. Frå nasjonalt hald er det ei ønska utvikling at kulturskule skal femne om flest mogeleg av kommunen sine innbyggjarar (Kulturskule 3.0.), og her har Valle kulturskule vore i front. Tala frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) viser at det er svært god dekningsgrad i Valle kulturskule:

Kommune	Elevtal i grunnskulen, totalt	Sum elevar 1.-7. trinn i alt	Sum elevar 8.-10. trinn i alt	Elevtal i kulturskolen	Dekning %	Gutar %	Jenter %	Tal på elevar under grunnskulealder	Tal på elevar i gr.sk.alder	Tal på elevar over gr.sk.alder	Antal gutar	Antal jenter	Antal på venteliste	% andel timar musikk	% andel timar Visuell kunst	% andel timar tester	% andel timar dans
Arendal	4967	3377	1590	478	9,62 %	38,91 %	61,09 %	0	427	51	186	292	197	84 %	8 %	6 %	0 %
*Birkenes (BLINK)	2275	1540	735	182	8,00 %	35,71 %	64,29 %	40	158	17	65	117	108	84 %	0 %	6 %	10 %
Bykle	87	61	26	59	67,82 %	44,07 %	55,93 %	0	50	12	26	33	0	91 %	0 %	0 %	0 %
*Evje, Hornes og Bygland	645	452	193	98	15,19 %	45,92 %	54,08 %	0	67	10	45	53	10	85 %	0 %	3 %	0 %
Farsund	1228	815	413	231	18,81 %	37,66 %	62,34 %	3	202	28	87	144	12	69 %	14 %	0 %	16 %
Flekkefjord	1154	774	380	210	18,20 %	28,57 %	71,43 %	9	197	16	60	150	18	65 %	12 %	17 %	6 %
Froland	803	574	229	79	9,84 %	46,84 %	53,16 %	0	89	3	37	42	10	76 %	16 %	0 %	4 %
Grimstad	2902	2060	842	255	8,79 %	34,90 %	65,10 %	0	253	0	89	166	64	79 %	13 %	7 %	0 %
Hægebostad	169	169	0	20	11,83 %	45,00 %	55,00 %	0	19	0	9	11	0	100 %	0 %	0 %	0 %
Iveland	198	143	55	6	3,03 %	66,67 %	33,33 %	0	5	0	4	2	0	100 %	0 %	0 %	0 %
Kristiansand	13371	9251	4120	1791	13,39 %	35,79 %	64,21 %	14	1695	87	641	1150	454	70 %	10 %	9 %	3 %
Kvinesdal	780	547	233	82	10,51 %	28,05 %	71,95 %	2	82	12	23	59	20	71 %	18 %	0 %	11 %
Lindesnes	2868	1911	957	440	15,34 %	35,68 %	64,32 %	21	344	27	157	283	55	72 %	8 %	6 %	2 %
Lyngdal	1422	933	489	228	16,03 %	35,53 %	64,47 %	0	127	68	81	147	35	83 %	11 %	2 %	4 %
Sirdal	234	159	75	104	44,44 %	38,46 %	61,54 %	0	109	3	40	64	3	71 %	9 %	0 %	5 %
*Tvedestrand (Øst i Agder)	1903	1277	626	247	12,98 %	24,29 %	75,71 %	6	249	21	60	187	18	76 %	12 %	2 %	9 %
Valle	113	69	44	45	39,82 %	20,00 %	80,00 %	**0	39	2	9	36	0	89 %	0 %	0 %	11 %
Vennesla	1925	1323	602	242	12,57 %	17,36 %	82,64 %	10	238	2	42	200	59	50 %	8 %	10 %	25 %
Åmli	205	151	54	55	26,83 %	32,73 %	67,27 %	1	53	0	18	37	30	54 %	21 %	0 %	25 %
Åseral	111	82	29	38	34,23 %	31,58 %	68,42 %	0	38	0	12	26	0	51 %	49 %	0 %	0 %
Agder:	37249	25586	11663	4852	13,03 %			88	4460	342	1691	3199	1093	74 %	10 %	6 %	5 %
Hele landet	636934	437855	199079	97563	15,32 %	34,13 %	65,87 %	4354	84601	8608	33302	64261	23905	75 %	6 %	4 %	8 %

*Interkommunale kulturskuler

** Ope gratisstilbod i barnehagar utan deltakarregistrering

GSI-statistikk kulturskular i Agder 2022

I tillegg legg vi stor vekt på å legge til rette aktivitetene våre slik at dei kan femne om heile familien, noko vi har hatt mange gode positive erfaringar med i 2022. Dette gjeld til dømes aktivitetdagane i Valle kultursenter, måten vi organiserer konsertene våre på, tilrettelegging av foajeen som uformell møtestad for foreldre medan ungene er på kino, samarbeid mellom kulturskule og bibliotek om laurdagsaktivitetar i Sæbyggjen med meir. Einga er ikke så stor, men ved at vi jobbar på tvers, samarbeider med andre og løftar i flokk, klarer vi å få til mykje saman.

Leiar Kultur og fritid er involvert i ulike samarbeid med som t.d. Kulturveka, Sauesjåmarknaden med meir. I 2022 jobba Kultur og Teknisk saman om vidareutvikling av Prestefossen tursti.

Stadnamninnsamlinga, som kom i gong i 2020 og har vore drifta av Setesdsalsmuseet v/tilsett prosjektleiar, er ved utgangen av 2022 tilnærma fullført. Gjennom folkemusikkprosjektet Gorrlaus får alle barn og unge i Bygland, Valle og Bykle opplæring i folkemusikk, -dans og -song i barnehage og skule. Setesdal Spelemannslag har engasjert Valle kommune v/leiar Kultur og fritid til å organisere og koordinere aktivitetane i prosjektet i alle tre kommunane. Dette er eit vesentleg satsing frå Valle kommune si side inn i arbeidet med UNESCO i Setesdal. Ved utgangen av året vart samarbeidet mellom dei tre kommunene formalisert med likelydande politisk vedtak om

1. midlar til drift av Gorrlaus i budsjett 2023 og økonomiplan fram til 2026

2. oppretting av interkommunal kulturskulestilling for lærar i folkemusikk, med Valle som vertskommune.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	3 805	3 929	3 952	23	0,6 %

Kommentar til status økonomi

Oppsummert har 230 Kultur ein rekneskap i tråd med budsjett.

- Løn: Tilsynelatende overforbruk på løn skuldast ubudsjetterte pensjonsutgifter. I realiteten mindreforbruk på løn, hovudsakleg pga. refusjon av sjukepengar.
- Drift: Årsakene til mindreforbruk er hovudsakleg lågare aktivitetsnivå pga. pandemi første tertial, litt sjukdom blant personalet siste tertial (utan tilsvarende utgifter til vikarar), færre reiser og meir bruk av digitale møte.
 - Eit lite meirforbruk skuldast hovudsakleg utgifter til bruk av konsulentar. Dette er eksterne tenester som til dømes lydteknikar, instruktørarar til aktivitetar for barn og unge, Bygdekino, pianostemming med meir. Denne budsjettposten må oppjusterast,
 - Overføringar: Mindreforbruk pga. mindre tilskott til museum enn budsjettert, då Aust-Agder museum og arkiv ikkje har indeksregulert tilskottet i påvente av reforhandling av avtale.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	0,37 %	1,92 %	2,29 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,45 %	3,99 %	4,43 %

Bibliotek

Beskriving av tenestoområde

Årsmelding 2022

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	1,00	1,00
Assistent	0,16	0,16
Sum	1,16	1,16

Valle bibliotek er eit meirope bibliotek. Alle frå 15 år og oppover som signerer kontrakt kan nytte biblioteket kl. 07.00 til 23.00 alle dagar. Bemanna opningstider er måndag, tysdag og onsdag kl. 11.00 - 1600 , torsdag kl. 11.00-1700, fredag kl.11.00- 1500.

Onsdag kl.1600-1800 er biblioteket ope som møteplass for ungdommar, i regi av ungdomsarbeidar.

Biblioteket er også turistinformasjon, og hadde utvida opningstider i heile juli, i samarbeid med Velkomstsenter.

Om ein ser på statistikk over aktive lånarar, så er det 170 aktive lånarar med adresse i Valle kommune og 86 aktive lånarar med adresse i andre kommunar. Dette tydar på at biblioteket også er mykje brukt av hyttefolk.

Utvikling

Utvikling og utvalde resultat

Valle bibliotek er ein populær møteplass i kommunen.

Om ein ser på aldersfordelinga har det vore ei god auke i talet på innloggingar frå 2021 til 2022:

Aldersgruppe	2021 Antal innloggingar	2022 Antal innloggingar
17 - 44	136	204
45 - 100	151	220

Ein vil sjå at spesielt for aldersgruppa 35-44 er auka stor, og det har nok samanheng med at det har blitt eit populært stad for småbarnsforeldre å møtast.

Det har også vore auke av utlån: 4221 utlån i 2021 og 4814 i 2022 . Mykje av utlånet kan forklarast med at det er stor auke av familiar som brukar biblioteket.

I tillegg har biblioteket vore populært for studentar som brukar lesepassane, og for elevar ved Valle skule.

Frå hausten 2022 har også biblioteket vore ein møteplass for dei ukrainske flyktningane. Biblioteket har fungert som stad dei kan få informasjon og rettleiing, og kvar torsdag er det språkkafe, i samarbeid med frivillige.

Utfordringar

Det er utfordrande å få kompetente vikarar ved behov. Dette har blitt ekstra vanskelig sidan biblioteksystemet er utdatert og ikkje så enkelt å lære opp vikarar på.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 212	1 268	1 208	-60	-5,0 %

Kommentar til status økonomi

Biblioteket har eit lite meirforbruk i 2022. Det er ikkje tatt høgde for seniortillegg ved budsjettering av fast løn, og KLP/Pensjon er underbudsjettert. I løpet av året måtte biblioteket dessutan kjøpe inn ny sjølvbeteningsmaskin for innlevering og utlån av bøker, noko som ikkje var budsjettert.

Biblioteket har hatt godt sal av bøker gjennom året. I 2022 hadde vi det siste salet av bøker frå de gamle biblioteket, og fekk nokre ekstra inntekter frå dette. Det har også blitt selt ein del kart og klatreguidar.

Oppsummering tiltak

Det har ikkje vore spesielle tiltak i biblioteket i 2022.

Status økonomi

Me hadde håpa på at me skulle få det nye biblioteksystemet i 2022, men dette er i dag usikkert når det kjem.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,21 %	5,79 %	6,00 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,53 %	0,53 %

Status sjukefråvær og HMS

Noko langtidsfråvær i 4. kvartal, ingenting å kommentere.

IKT

Beskriving av tenesteområde

Verksemda til Setesdal IKT er lagt inn i IKT Agder. Selskapet vert avvikla i løpet av 2023.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	2 239	2 849	2 831	-18	-0,6 %

Økonomiavdelinga

Beskriving av tenesteområde

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel teneste med fakturamottak og føring av rekneskap for Valle og Hylestad Sokneråd, Setesdal Interkommunale Politiske råd (SIPS), Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalsmusèet Eigedom IKS. Økonomiavdelinga har ansvar for budsjettarbeid, økonomioppfølging og saksutgreiing for alle politiske saker knytt til økonomiområdet i Valle kommune.

Avdelinga har ansvar for implementering, drift og opplæring av kvalitets- og internkontrollsystemet Compilo i Valle kommune. Opplæring og drift av system for rapportering- og verksemdstyring og analysearbeid ligg til avdelinga. All sakshandsaming av sal- og skjenkeløyver som kommunen gjev, søknader om startlån og utvalde søknader om ulike tilskot kommunen yt vert handsama i avdelinga.

Økonomiavdelinga har 5,4 stillingar.

Valle kommune er vertskommune for felles Barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen for også dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Valle og Hylestad Sokneråd, SIPR og Setesdalsmusèet Eigedom IKS.

Utvikling

Økonomisystem treng stadig fornying og oppgradering og krev mykje tid i avdelinga. Ansvar for implementering og opplæring av kvalitetssystem Compilo for heile organisasjonen krev kompetanse og ressursar.

Økonomisjef Siv Ragnhild Bjerga sa opp si stilling våren 2022, og arbeidet med å rekruttere ny leiar vart sett i gong like etter. Noko uti rekrutteringsprosessen vart det engasjere eksternt bemanningsbyrå til å bistå i dette arbeidet. I november vart det sendt tilbud om stilling til ny økonomisjef. Petra Marie Trydal takka ja til tilbud om stilling og tar til i jobben på nyåret.

Utfordringar

- Nytt økonomi- og personalsystem skal innførast frå 1.1.2024 (XLedger). Prosjektet krev grundig førebuing både i planleggings- og gjennomføringsfasen.
- Vidareutvikle bruken av system for internkontroll (Compilo) og verksemdstyring (Framsikt)
- Vidareutvikle samarbeidet mellom økonomiavdelinga og dei andre tenesteeiningane og bidra til høg kvalitet i økonomiplanlegging og - styring.

Utvalde resultat

Årsmelding 2022

Trass i at kommunen ikkje hadde økonomisjef i full stilling i store delar av året vart budsjettarbeidet og rapportering til politisk nivå gjennomført i tråd med rutinar og krav.

Økonomiavdelinga har hatt ansvar for opplæring, bruk og oppfølging i heile organisasjonen for sikring av kvalitetssystem gjennom Compilo og ved bruk av Framsikt i samband med budsjettarbeid, økonomirapportering og kvalitetsarbeid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
330-Økonomiavdelinga	4 686	4 965	4 383	-582	-13,3 %
331-Diverse felles inntekter/utgifter	19 029	9 394	11 566	2 172	18,8 %
332-Kyrkja	3 056	2 999	3 023	24	0,8 %
Sum	26 771	17 357	18 972	1 614	8,5 %

Kommentar til status økonomi

Økonomiavdelinga som rammeområde omhandlar også ansvar 3310 Div. inntekter/utgifter for organisasjonen Valle kommune og ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn, i tillegg til drifta av sjølve økonomiavdelinga som ligg på ansvar 3300 Økonomiavdelinga.

Økonomiavdelinga samla har eit mindreforbruk i overkant av 1,6 mill. kr. Hovudårsaka til dette er skildra under 331 Div. inntekt/utgift. Dette har konsekvensar for dei andre rammeområda, og er kommentera under deira kapittel. Det er også ført overføring av gang-/sykkelveg til staten med kr 0,6 mill lågare enn budsjettet

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år	Status	Risiko	Beskriving
	1			
Nye tiltak				
Tenestegjennomgang PLO og Helse	300	Ikkje starta		Heilskapleg plan for pleie- og omsorg ligg til grunn for tiltaket som ligg i budsjettet for 2022. Investeringsprosjekt for ombygging/nybygg av Bygdeheimen vil også vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for å finna gode økonomisk effektive modellar for drift av pleie- og omsorg i tida som kjem. Det er vurdert slik at det er for tidleg å gje ein slik analyse, dette i påvente av ytterlegare planlegging i høve til det bygningsmessige på Bygdeheimen. Av den grunn vil avsatte midler ikkje bli nytta i 2022.
Sum	300			

Politisk vedtak

Gamatunet/Rysstad aktivitetspark	25	Ferdig		Prosjektet er ferdig.
----------------------------------	----	--------	--	-----------------------

Årsmelding 2022

Tiltak	Ramme år	Status Risiko Beskriving
	1	
Sum	25	
Sum tiltak	325	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,46 %	0,35 %	0,81 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,38 %	0,00 %	0,38 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,38 %	0,60 %	0,98 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,21 %	0,06 %	0,27 %

Økonomiavdelinga

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 686	4 965	4 383	-582	-13,3 %

Kommentar til status økonomi

Økonomiavdelinga er drift av fagområde med tilhøyrande stillingsheimlar.

Drifta syner eit meirforbruk på i underkant av 0,6 mill. kr. Dette avviket skuldast høgare variabel løn, pensjonskostnad, kostnader med kreditortenester, og kurskostnader enn budsjettera. Kostnader i samband med rekruttering av ny økonomisjef, er heller ikkje lagt inn i revidera budsjett og påverkar avviket.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,50 %	0,00 %	0,50 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,40 %	0,00 %	0,40 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,32 %	0,00 %	0,32 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,22 %	0,00 %	0,22 %

Diverse felles inntekter/utgifter

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	19 029	9 394	11 566	2 172	18,8 %

Kommentar til status økonomi

Under ansvar 3310 Div. inntekter/utgifter inngjeng 20% stilling til frikaup av HTV for Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Totalt er det eit mindreforbruk på i overkant av 2 mill. kr. Dette skuldast at det er budsjettera inn lønsauke for heile organisasjonen som fylgje av lønsoppgjeret. Lønsoppgjeret er rekneskapsført dei ulike einingane, og difor kjem differansen som mindreforbruk på ansvar 3310.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,00 %	4,65 %	4,65 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,36 %	11,75 %	13,10 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	1,87 %	1,87 %

Kyrkja

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 056	2 999	3 023	24	0,8 %

Kommentar til status økonomi

Valle kommune si tenesteyting gjennom kyrkjegardsarbeid er belasta ansvar 3350, men budsjettert på rammeområde Teknisk. Ansvar 3350 har ein rekneskap i tråd med budsjett. Valle kommune har inngått ny tenestekjøpsavtale med Valle og Hylestad Sogn med verknad frå 01.01.2022, denne avtalen er justert i tråd med endringar som har skjedd dei siste åra og gir meir eksakte kostnader å halda eg til.

SVR

Beskriving av tenesteområde

Valle kommune har i perioden 2017 – 2022 hatt ansvaret for økonomistyring i prosjektet Villreinfjellet som verdiskapar, der verneområdestyret for SVR har vore prosjekteigar.

Netto forbruk er 0, mens heile prosjektet SVR-Villreinfjellet som verdiskaper er finansiert med bundne fond.

Prosjektet har vore finansiert med midlar frå Miljødirektoratet samt eigenfinansiering frå deltakande partar i prosjektet. I 2022 var dei største kostnadane knytt til etablering av nye utstillingar på Kvæven i Sirdal og Minne i Åseral. I tillegg utvikling av ny heimeside og informasjon og dagsturhytte på Hovdenuten i Bykle.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	0	0	0	0	0,0 %

Velkomstsenter

Velkomstsenter

Beskriving av tenestoområde

Stillingar:

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	1,0	1,0
Arkivleiar	1,0	1,0
Konsulent	1,8	1,8

100% leiar HR og Velkomstsenter: driftsansvarlig for Velkomstsenteret, ansvar for personalfagleg område i organisasjonen

100% Arkivleiar: arkiv og innsyn, posthandsaming for kommunen

80% konsulent: sentralbord og publikumsmottak, postmottak for Velkomstsenteret, utføring av tjenester for Setesdal regionråd, sentralbord, andre merkantiloppgåver

80% konsulent: sentralbord og publikumsmottak, postmottak for Velkomstsenteret, ferdigattestar, infoland, fakturering, kyrkjegardsarbeid og andre merkantile tenester.

20% konsulent : sentralbord og publikumsmottak, postmottak for Velkomstsenteret, fráværregistrering, ansvarleg for drift av bedriftsleilegheit

Utvikling

Det er eit mål for Velkomstsenteret å få flest mogleg av innbyggjarane og andre brukarar av tenestene våre til å nytte digitale verktøy for å motta dokument og informasjon frå kommunen. Dette har vore ei utfordring, men ein ser at det går framover kvart år. Det er eit ønskje på Velkomstsenteret om å ta i bruk digitale løysingar mest mogleg for å effektivisere bruken av menneskjelege ressursar, då vi er få personar med ansvar for mange oppgåver og sårbare for frávær. Til dømes ville ein chatbot vere tilgjengelig heile døgnet og kunne handsame mange spørsmål frå brukarar veldig raskt, og vil kunne verte programert til å svare på mange spørsmål som gjeld alle einingene i kommunen. Dette ville henge godt saman med den digitale transformasjonen kommunen skal igjennom framover. I påvente av at kommunen skal byte IKT-leverandør til IKT-Agder, har me ikkje jobba særlig med dette i 2022. Velkomstsenteret ser fram til oppstart med IKT Agder med løysingar og moglegheiter som det vil føre med seg.

Utfordringar

I 2021 var det mykje frávær på Velkomstsenteret, og dermed fleire vikarar. Slik har det vore i 2022 og, spesielt i 1. og 2. kvartal. Det dreidde seg då om både sjukefrávær og foreldrepermisjon. I 3. og 4. kvartal har det ikkje vore sjukefrávær, men anna frávær som ikkje vert registrert i sjukefráværstatistikken. Det var og sjukefrávær på ei anna eining som gjorde at Velkomstsenteret måtte ta på seg ekstra oppgåver. Me måtte difor tilsette vikarar i 2022 og, og det vart gjort to gonger. Det var utfordrande for eininga både å få tak i og å bruke tid og ressursar til å få lært opp vikarar i alle oppgåvene til dei som var borte. Det har ført til ei meirbelastning på dei faste medarbeidarane på Velkomstsenteret, både på grunn av tida som har gått til opplæring og fordi dei har vore nøydde til å ta ansvar for nokre av oppgåvene i tillegg til sine egne. Hovudutfordringa for Velkomstsenteret er med andre ord å få til stabilitet når det gjeld bemanninga, og målet for 2023 er å auke stabiliteten.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	3 570	4 132	4 008	-124	-3,1 %

Kommentar til status økonomi

Budsjettet har eit netto resultat på 103,1%, og dermed eit avvik på -3,1%. Det er naudsynt å kommentere resultatet når det gjeld lønnsutgifter, fordi her er det eit avvik på -17,2%. Dette skuldast i hovudsak ein vikar på velkomst som gjeld ansvar 2000 og ein annan årsak er budsjettering av lønsoppgjeret (ligg på ansvar 3310).

Sjukefrávær

Frávær	Korttid	Langtid	Samla frávær
Årleg sjukefrávær 2019	0,84 %	5,50 %	6,35 %
Årleg sjukefrávær 2020	0,00 %	14,36 %	14,36 %
Årleg sjukefrávær 2021	0,00 %	48,62 %	48,62 %
Årleg sjukefrávær 2022	1,34 %	6,90 %	8,24 %

Status sjukefrávær og HMS

Sjukefráværet i 1. og 2. kvartal 2022 var høgt. I 2. kvartal var korttidsfraværet på 3,41%, men elles dreidde fráværet seg om langtidsfrávær. Langtidsfráværet gjekk ned til 0% i 3. og 4. kvartal, og hadde samanheng med at ein person slutta i eit vikariat. I 2. og 3. kvartal har me heller ikkje hatt noko korttidsfrávær.

Oppsummering tiltak sjukefrávær og HMS

Andre tiltak enn vanleg oppfølging av sjukefravær har ikke vore aktuelt.

Interkommunalt PPT

PPT

Beskriving av tenesteområde

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 31, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp / oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

Stillingsheimlar

PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leiing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling: Scanning, arkivarbeid

Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygland	31	34	33	26	30	30	30
Valle	41	38	37	34	34	28	33
Bykle	27	16	14	25	19	29	29
Sum	99	88	84	85	83	87	92

Talet på nye saker / brukarar årleg:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Bygland	11	11	12	1	10	8	4
Valle	8	10	12	10	8	6	8
Bykle	7	2	3	9	5	7	9
Sum	26	23	27	20	23	21	21

Tal på brukarar fordelt på alder (samla for dei 3 kommunene):

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Barnehage	17	13	6	4	7	11	12
Barneskule	48	46	56	56	51	50	53
U-skule	29	25	17	21	20	21	25
Vaksen	5	4	5	4	5	5	2
Sum	99	88	84	85	83	87	92

Utvikling

- I 2022 har det samla vore ein svak auke i talet på brukarar, frå 87 i 2021 til 92 i 2022. Auken er innanfor det som er normale variasjonar.
- Når det gjeld nye tilmeldte i 2022, var dette heilt likt som i 2021, 21 tilviste. Det er relativt små tal og store variasjonar mellom kommunane frå år. Ein trend siste åra, har vore nokre fleire tilmeldingar frå Bykle kommune.
- Som ein ser av tabellen over, har det vore fleire saker i barnehagane dei siste 2 åra, noko som er vurdert som ein positiv trend (tidleg innsats / førebygge). Elles relativt stabile tal.
- PPT har sett i gang med Ressursteam i alle kommunane i barnehagane dette året (1-2 gonger i halvåret), Dette er faste møte med barnehagane med vurdering / tiltak rundt eventuelle bekymringar dei måtte ha. Dette er også eit tiltak i høve til førebygging og tidleg innsats.
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis har kome i gang i distriktet. Dette er ei nasjonal satsing for å auke den lokale kompetansen rundt barn som strever. Dei tre Setesdalskommunane skal samarbeide om utviklingsprosjekt, noko som er viktig med tanke på felles PPT og barnevern (j.fr. utfordring rapport 2021). Det er i første omgang søkt om kompetanse / opplæring i "Refleksjonsverktøyet" frå Stat-Ped som skal nyttast inn mot skular og barnehagar. Dette er eit reiskap for å auke medvit omkring inkludering og korleis

dette blir praktisert. Det skal også gjennomførast kartlegging av andre område som dei ulike einingane har behov for ny / oppdatert kunnskap.

- PPT har gjennomført ein ståstadsanalyse i 2022, og har kome fram til nokre område ein ønskjer å styrke kompetansen dei komande åra. Noko av dette er tenkt innanfor Kompetanseløftet. PPT har utarbeidd ein plan for kompetanseheving / kompetansebehov.

Utfordringar

- PPT har eit mål om å levere ei sakkunnig vurdering innan “rimeleg tid”, dvs. 3 mnd. frå saka startar opp. Pga høg saksmengde og fleire saker som har vore utfordrende og tatt mykje tid, har det ikkje vore mogleg å klare dette i alle saker. For 2022 har det vore 7 saker der dette har tatt lengre tid, ein auke på 3 saker frå 2021. I 2022 har ein sett i gang med å skrive sakkunnige vurderingar for fleire år i gonga, der vi meiner dette er forsvarleg (Inntil 3 år i følgje Statforvaltar). Dette kan ha ein effekt for 2023.

Utvalde resultat

Kvalitet, tidleg innsats, tett på.

1. PPT for Setesdal har som mål å jobbe mot god kvalitet i det sakkunnige arbeidet.

I dette ligg også at andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane ikkje skal liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid (målsetting).

Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til, gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er, og i det redusere behov for spesialundervisning. Kostra-tala for 2022 er ikkje klare enno, men ligg for 2021 noko under tala for 2020 for alle dei 3 kommunane (små endringar). Samla sett for alle dei tre kommunane, ligg tala i nærleiken av landsgjennomsnittet:

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	(Aust)-Agder	Kostra-gr. 06	Landet u/Oslo
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018	8,1	8,3	8,2	9,1	10,1	7,9
2019	8,1	6,2	9,0	9,1	10,0	7,9
2020	9,1	9,3	10,9	7,3	9,6	7,8
2021	8,8	7,1	8,3	8,3	10,1	7,8

Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning, Kostra tal:

	Bygland	Valle	Bykle	Agder	Kostragr. 06	Landet u/ Oslo
2015	118,8	269,7	236,4		167,8	131,0
2016	120,3	244,9	205,1		162,7	132,8
2017	99,9	125,1	231,8		167,9	135,4
2018	108,8	181,4	271,8		171,4	137,6
2019	85,6	266,0	281,2		179,7	139,9
2020	98,5	205,7	229,7	133,4	187,1	143,1
2021	102,6	190,0	303,6	129,4	191,9	144,2

Talet på timar per elev ligg relativt lågt i Bygland kommune (under landsgjennomsnittet), men høgare for dei to andre kommunane. Då statistikkgrunnlaget er lite, vil det naturleg vere variasjonar og fleire "tyngre saker" vil gje relativt store utslag. I utgangspunktet er det positivt at det blir sett inn ressursar der det er behov, så er det alltid viktig å vurdere effekten av tiltaket og om ressursane blir brukt på best mogleg måte.

2. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.

- PPT har som mål å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Dette har vi ikke fått til i 2022 (stor saksmengde og mange krevjande saker).
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing i samband med einskildsaker som er tilmeldt.
- PPT har delteke på tverretaltelege team / miljøteam og ressursteam i kommunane for drøfting av både einskildsaker og tema knytta til utfordringar for barn og unge i Setesdal.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	827	766	799	33	4,2 %

Kommentar til status økonomi

PPT for Setesdal har ein rekneskap som er omtrent i tråd med budsjett: Totalt for alle tre kommunane, kjem PPT for Setesdal ut med eit forbruk på 98,6% i høve til budsjett. For Valle kommune sin del, er forbruket på 95,8%, med eit overskot på 33414,-

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	0,80 %	0,00 %	0,80 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Status sjukefråvær og HMS

Det har vore svært lågt sjukefråvær i PPT for Setesdal også dette året, godt under 5 %, og då korttidsfråvær. Det vart ikke gjennomført vernerunde dette året. PPT har hatt kontormøte kvar 14. dag, og har derfor kunne ta opp utfordringar i arbeidet løpande. Det er gjennomført medarbeidersamtale.

Interkommunalt barnevern

Status økonomi

Beløp i 1000


Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 786	1 753	1 587	-166	-10,4 %

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	2 297	1 435	1 817	2 238
Kostragruppe 15	1 564	1 760	2 869	3 318
Bygland	4 382	5 008	4 203	3 352
Bykle	4 315	3 479	1 903	2 123

Barnevern

Beskriving av tenesteområde

Setesdal barnevern har 5,2 stillingar fordelt på tre kommunar. Det er 4 saksbehandlingsstillingar som jobbar med alle fasar av ei barnevernssak – mottak av melding, undersøkingar, tiltak, fosterheim, og ettervern i alle tre kommunane.

Utvikling

Setesdal barnevern har gjennom 2022 hatt fokus på utviklingsarbeid på systemnivå som følgje av oppvekstreforma. Barnevernet har mellom anna hatt det overordna ansvaret for kartleggingsprosjekt som kartla utfordringar, tiltak og utviklingspotensial på oppvekstfeltet. Prosjektet resulterte i eit politisk vedtak om å sjå på organiseringa av oppvekstfeltet.

Setesdal barnevern har gjennom 2022 hatt fokus på eit tettare samarbeid med andre barnevern. Det vart oppretta eit læringsnettverk på tvers av tenestene; Midt-Agder barnevern, Barnevern Sør (Lindesnes) og Lister barnevern. Det har vore ein prosjektmedarbeidar i 40 % i dette prosjektet. Lønsmidlane er finansiert gjennom midlar frå Statsforvaltaren. Det vart hausten 2022 bestemt at Læringsnettverket skulle jobbe vidare med kompetanseutvikling på tvers av tenestene og at Læringsnettverket i tillegg skulle sjå på moglegheita for å etablere eit felles ressursteam (felles ressursar) til dei mest kompliserte barnevernssakane. Det har i tillegg vore fokus på kompetanseutvikling internt i tenesta ved at tilsette er i ferd med å gjennomføre spesialiserte sertifiseringar innanfor ulike foreldrerettleggingsprogram. Dette som ledd i at tenesta har som mål om å

verte flinkare til å førebygge omsorgsovertakingar ved å sette inn spesialiserte tiltak inn mot foreldre og inn i heimen der barna bur.

Utfordringar

Setesdal barnevern ser tre hovudutfordringar i 2023:

- Organiseringa av oppvekstfeltet gjer det førebyggjande arbeidet krevjande både på system- og individnivå.
- Kommunen manglar førebyggjande systematiske tiltak utanfor barnevernstenesta.
- Sikre vidare implementering av systematiske tilbakemeldingsverktøy ovanfor barn og foreldre, og sikre forbetring av praksis som følgje av tilbakemeldingane.

Utvalde resultat

Reknskapen for Setesdal barnevern i Valle kommune ligg på estimert utgiftsbehov for kommunen.

Setesdal barnevern har ingen fristbrot i uromeldingar eller undersøkingar. Alle barn har tiltaksplan og evalueringar har vore gjennomført i høve lovverk.

Setesdal barnevern har gjennomført og tatt i bruk systematiske tilbakemeldingsverktøy ovenfor barn og foreldre.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	1 786	1 753	1 587	-166	-10,4 %

Kommentar til status økonomi

Interkommunalt samarbeid på barnevern har eit overforbruk på 100 000 i høve budsjett for 2022. Dette skuldast at lønssoppgeret er lagt inn på eit anna ansvar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,00 %	36,00 %	36,00 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,00 %	10,03 %	10,03 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,26 %	9,08 %	9,34 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,32 %	21,19 %	21,51 %


Status sjukefråvær og HMS

Det er ikkje meldt om avvik frå tilsette i innafør HMS-områda gjennom 2022.

Setesdal barnevern har høgt sjukefråvær samla sett, dette skuldast ei langtidsjukemelding.

Skule

Beskriving av tenestoområde



Funksjon	Stilling 2021	Stillingar 2022
Leiar/rektor (grunnskule og vaksenopplæring)	1,0	1,0
Fagleiar grunnskule	0,8	0,8
Fagleiar SFO	0,2	0,4
Pedagogar grunnskule inkl fagleiarar	17,0	17,0
Fagarbeidarar inkl fagleiar	4,8	4,8
Kontor/merktantil (grunnskule og vaksenopplæring)	0,3	0,4
Pedagogar vaksenopplæring		

Teneste:

Teneste	2021-2022	2022/2023
Antal elevar i grunnskulen 1-10 trinn	109	113
Antal barn i 1-4 trinn med plass i SFO	28	40
Barn i SFO (1-4 klasse) 100 % plass	32,1 %	20,0 %
Barn i SFO (1-4 klasse) 80 % plass	32,1 %	27,5 %
Barn i SFO (1-4 klasse) 60 % plass	35,8 %	47,5 %
Antal elevar med vedtak om spesialundervisning 1-7 trinn		2,8 %
Antal elevar med vedtak om spesialundervisning 8-10 trinn		11,3 %

Utvikling

Grunnbemanning har høg fagkompetanse i grunnskule og vaksenopplæring, men det er mangel på vikarar generelt og faglærarar spesielt. Gjennom året 2022 har skulen i større grad enn tidlegare år blitt utfordra på høgt og langvarig sjukefråvær. Rekruttering av kompetanse er krevjande og ein opplever konkurranse med andre nabokommunar.

Samarbeidet kring institusjonsplassert ungdom opplevdes som betrakteleg betre våren 22 då ansvaret for oppfølging av ungdom i institusjon blei flytta og lagt til SMI skolen i Kristiansand. Erfaringane no er at alle med ansvar "i laget kring ungdommen" hadde felles forståing og mål for vidare oppfølging.

Tilsetting av miljørettlear har tatt lengre tid enn planlagd då vi måtte lyse ut over fleire omgonger. Miljørettlear på skulen vil vere ein viktig bidragsytar i det tverrfaglege samarbeidet som skulen deltar i.

Fleire familiar nyttar skulefritidstilbodet enn tidlegare år. SFO er medvitne på at aktivitetstilbodet skal fokusere på tryggleik, omsorg, fysisk aktivitet og trivsel. SFO står opp om skulen sitt utviklingsarbeid og har fokus på leseglede og leselyst, symjeopplæring og vatntilvenning samt aktivitetar i nærmiljøet.

Utfordringar

Bemanning og rekruttering:

Vikar for pedagogar og fagarbeidarar er det stor mangel på. Det er utfordrande å drive fagleg forsvarleg ved sjukefråvær på kort og lang sikt. Løysing internt utløyser overtid.

Utvalde resultat

Kommunebarometeret:

Emne	2021 Valle	2022 Valle	2022 Nasjonalt
Grunnskulepoeng (snitt fire siste år)	42,8	43,8	
Andel elevar som har fullført vidaregåande opplæring innan fem år	78,10	78,95	
Andel lærarar som oppfylle kravene til undervisning 1-7 trinn		100 %	
Andel lærarar som oppfyller kaverne til undervisning 8-10 trinn		100 %	
Andel lærarar med kompetanse i norsk, matematikk og engelsk 1-7 trinn		94,74	
Andel lærarar med kompetanse i norsk, matematikk og engelsk 8-10 trinn		87,50	81,11
Trivsel på skulen- 10 trinn (snitt siste 5 år)		70,0	81,71
Andel elevar med spesialundervisning 1-4 trinn (snitt 4 siste år)		4,88%	6,17%
Andel elevar med spesialundervisning 5-7 trinn (snitt 4 siste år)		10,26%	10,57 5
Andel elevar med spesialundervisning 8-10 trinn (snitt 4 siste år)		10,29 %	11,12 %

Elevresultat grunnskulen

Tilstandsrapporten/kvalitetsmeldinga oppsummerer resultat gjennom tal og analyse, set nye mål og tiltak for utvikling.

Elevundersøkinga 2022

Elevundersøkinga gjennomførast kvart år på 5. tom 10. trinn på Valle skule. Resultat frå 7. og 10 trinn er offentlege. Føremålet med undersøkinga er å gje kunnskap om elevane si subjektive oppfatning av

skule- og læringsmiljø. Informasjonen skal danna grunnlag for kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. 5 er beste score/skalapoeng

7.trinn




Nasjonale prøver 8. trinn 2022-23




Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

■ Mestringsnivå 1 ■ Mestringsnivå 2 ■ Mestringsnivå 3 ■ Mestringsnivå 4 ■ Mestringsnivå 5



2022-23, Valle skule (Valle), Alle eierformer



2022-23, Valle skule (Valle), Alle eierformer

Status

Økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	20 138	20 324	20 243	-81	-0,4 %

Kommentar til status økonomi

I 2022 er det totalt sett eit meirforbruk på 0,4%/ 80 469 kr ihht budsjett.

5110 Grunnskulen

Lønn:

Meirforbruk skuldast overtid ihht Covid-avtale våren 22, samt tariffesta tillegg som td kontaktlærartillegg som blir dobla når tilsett med funksjon blir sjukemeldt og vikar skal ha samt tillegg, turavtalar SFS 2210 med elevane (tur til Polen, fjellturar, leirskule)

Utgifter:

Meirforbruk:

Lisensar og programvare: Digitalisering og forbetring av styringsprosessen med sakshandsaming og arkiv med innføring av Visma program har hatt ein meirkostnad ihht budsjett. Skulen har hatt fokus på digitalisering av undervisning og kjøpt inn digitale læreverk som gir høve for betre tilpassing av undervisning for elevane.

Varierande, men auka straumprisar gir eit meirforbruk i høve til budsjett.

Inntekt:

Brukarbetaling SFO grunna statleg ordning; 12 timar gratis for alle i 1 klasse.

5152- Vaksenopplæringa

Løn:

Meirforbruk knytt til auka ressursbehov knytt til mottak av flyktningar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Inntekter:


Refusjon frå staten knytt til flyktningar med midlertidig opphald var ikkje budsjettert for 2022.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	21 192	18 269	20 181	20 770
Kostragruppe 15	19 364	18 784	20 057	17 149
Bygland	20 855	19 860	20 402	22 092
Bykle	27 797	26 574	26 037	27 671

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år	Status	Risiko	Beskriving
	1			
Nye tiltak				
Vaksenopplæring	800	Ferdig		Ekstra stilling i samband med flyktningar er tilsett.
Sum	800			
Sum tiltak	800			

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,17 %	6,36 %	6,53 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,37 %	9,34 %	9,70 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,37 %	1,80 %	2,16 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,58 %	3,80 %	4,38 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet samla sett er høgare enn 2021, men under 5 % som er kommunen si målsetting. Grunnskulen har eit høgare sjukefråvær samanlikna med Vaksenopplæringa

Sjukefråværet har auka frå 1 kvartal til 4 kvartal. Sjukefråværet er langtidsjukemeldingar.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Følgjer opp sjukefråvær ihht gjeldande krav; nærværsfokus med telefonoppfølging i første veke, oppfølgingsplan med tiltak og evaluering av tiltak samt aktivt bruk av dialogmøter, ansvarsgruppe og møteplassen.

Bedriftshelsetenesta har vore delaktig i oppfølging av sjukmelding og rettleiing av tilsette som står i fare for sjukemelding.

Barnehage

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
520-Valle Barnehage	4 776	5 524	5 192	-332	-6,4 %
521-Hylestad Barnehage	4 717	4 868	4 242	-625	-14,7 %
Sum	9 492	10 392	9 434	-958	-10,2 %

Kommentar til status økonomi


Rammeområdet for barnehage har eitt meirforbruk på 110,2%. Rekneskapstala er kommenterte under kvar enkelt barnehageeining.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Barnehage nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	12 937	13 451	13 950	13 789
Kostragruppe 15	15 207	11 228	11 715	11 773
Bygland	11 579	10 559	12 798	10 285
Bykle	19 286	17 032	16 567	19 029

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Risiko	Beskriving
Nye tiltak				
Barnehage	500	Ferdig		Stillinga som blei lagt inn pga auka barnetal er i henhold til bemanningsnormen
Sum	500			
Politisk vedtak				
Opprette 100 % fagarbeidarstilling i barnehagen	220	Ferdig		Politisk vedtak. Blei lagt inn ein 100% stilling fordelt på begge barnehagane. Grunnen for dette var å auke bemanning for å førebygge sårbarheten ved sjukdom
Sum	220			
Sum tiltak	720			

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,05 %	6,26 %	7,30 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,77 %	7,27 %	9,03 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,34 %	49,23 %	50,57 %

Fråvær

Korttid

Langtid

**Samla
fråvær**

Årleg sjukefråvær 2022

0,89 %

9,46 %

10,35 %

Valle Barnehage

Beskriving av tenesteområde

Valle barnehage har to avdelingar. Ei storbarnsavdeling med 18 barn og ein småbarnsavdeling med 12 barn. Det er mange år siden det har vore så mange barn på småbarnsavdelinga, så det har vore ein glede å ta imot så mange nye barn i august 2022. Mål for barnehagane i kommunen er barnehageplass med kvalifisert tilbod til alle og at barnehagen skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning. Satsningsområdet vårt er inkluderande barnehagemiljø og språkarbeid i barnehagen i form av prosjekt READ-Agder og Leselyst & Leseglede.

Bemanning

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	0,5	0,5
Barnehagelærar	3,8	3,8
Barne og ungdomsarbeidar	2,50	3,7
Ekstra ressurs	0	1

Utvikling

Det blei veldig sårbart å drive barnehagen med minimumsbemanning 1:3 og 1:6. Det har vore vanskeleg å få tak i vikarar ved sjukdom og anna fråvær hos personalet derfor fekk barnehagen ein ekstra 50% stilling som skulle dekke plantid for pedagogane og gjer det mindre sårbart ved sjukdom i personalgruppa. Det blei tilsett ein ny fagarbeidar i stillinga 1.april 2022.

Barnehagen har i 2022 etablert faste møter med PPT i løpet av året. Ressursteam: R-team består av barnehagestyrar, PP- tenesta, avdelingsleiar/spesialpedagog, og ved behov psykolog, fysioterapeut og helsesjukepleiar. Dette er eit samarbeidsforum der barnehageansatte kan drøfte bekymringar, og få innspel på vegen vidare. Dette er eit lågterskel tilbod, der målet er å kome tidleg inn og kunne jobbe både forebyggande og med tidleg innsats.

Utfordringar

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs og utfordringa er å knytte til seg gode vikarar. Det at me har løpande opptak gjer at me av og til står med utfordringa å skaffe gode faglege ressursar midt i barnehageåret.

Utvalde resultat

Foreldreundersøkinga 2022

Utval	År	Besvarte/inviterte
Valle barnehage	2022	21/29 (72,41%)

Ute- og innemiljø	4,1
Relasjon mellom barn og voksen	4,3
Barns trivsel	4,7
Informasjon	4,4
Barns utvikling	4,6
Medvirkning	4,1
Henting og levering	4,4
Tilfredshet	4,4

RØD 0,0 - 2,8	GUL 2,9 - 3,9	GRØN 3,9 - 5
---------------	---------------	--------------

Foreldreundersøkinga viser at foreldra er nøgd med barnehagen. Rapporten er lagt fram både i personalgruppa og samarbeidsutvalet for barnehagen.

Bemanning: Barnehagen har fylgt bemanningsnorm og pedagognorm i tråd med barnehagelova.

Visma Flyt Barnehage blei tatt i bruk mars 2021 og har blitt eit godt digitalt verkty som fungerer godt og er brukarvennleg. Kommunikasjon mellom foreldre og barnehagen skjer i appen Min Barnehage. Har fått god tilbakemelding frå foreldra.

Valle kommune har løpande opptak dvs at dei kan starte etter at barnehageåret har starta. 100% av søkjarane har fått plass i barnehagen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	4 776	5 524	5 192	-332	-6,4 %

Kommentar til status økonomi

Valle barnehage har lønsutgiftene i balanse. Det er lagt inn ein 100% stilling frå august 2022 grunna vedtak om styrking av pedagogisk tilbod for einskildbarn. Nettoresultat har barnehagen eit meirforbruk på 332 391,-. Det har vore 50% høgare straumkostnad enn budsjettert. Ekstra kostnad på straum var kr 159 331,-. Visma Flyt barnehage hadde ein ekstra kostnad på 30 000,- som ikkje var budsjettert.

Det låg inne ein innsparing på kr 440 890,- som ikkje kunne gjennomførast i 2022. Auka barnetal gir auka behov for bemanning når ein legg til grunn nasjonal norm for bemanning av pedagogar og anna personell. Det gjer at budsjettramma for 2022, som ligg til grunn i økonomiplanen for 2021-2024 ikkje er realistisk. Nedtrekk i ramme på 0,5 mill. kroner frå økonomiplanen 2021-2024 for 2022 vert med dette tiltaket reversert.

Oppsummering tiltak

Dei siste åra har det vore svært vanskelig å få tak i vikar ved sjukdom hos personalet, derfor blei det innvilga å auke bemanninga med 50% stilling for at drifta skulle bli mindre sårbar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,05 %	6,26 %	7,30 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,05 %	3,27 %	5,32 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,34 %	60,87 %	61,22 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,24 %	6,72 %	7,96 %

Status sjukefråvær og HMS

Langtidsjukemelding i Valle barnehage har gått ned. Jamnlege oppfølging av sjukmeldt med samtalar og spørsmål om tilrettelegging er gjennomført

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Barnehagen har trivselstiltak som sosialt samvær i løpet av året. Har eit bevisst forhold til at alle blir sett og undersøker behov for tilrettelegging på arbeidsplassen. Jamnlege oppfølging av sjukmeldt med samtalar og spørsmål om tilrettelegging er gjennomført

Hylestad Barnehage

Beskriving av tenesteområde

Hylestad barnehage har to avdelingar. Ei storbarns avdeling med 14 barn /16plasser og ein småbarns avdeling med 9 barn. Det var fire nye barn som starta august 2022. Mål for barnehagane i kommunen er barnehageplass med kvalifisert tilbod til alle og at barnehagen skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning. Satsingsområdet vårt er inkluderande barnehagemiljø og språkarbeid i barnehagen i form av prosjekt READ-Agder og Leselyst & Leseglede.

Bemanning:

Funksjon	Stillingar 2021	Stillingar 2022
Leiar	0,5	0.5
Barnehagelærer	3	3
Barne og ungdomsarbeidar	3	3,6
Ekstra ressurs	1	1

Utvikling

Det er sårbart å drive barnehage med minimumsbemanning 1:3 og 1:6. Det har vore vanskeleg å få tak i vikarar ved sjukdom og anna fråvær hos personalet, derfor fekk barnehagen ein ekstra 50% stilling som skulle dekke plantid for pedagogane og gjere det meir forutsigbart og mindre sårbart ved sjukdom i personalgruppa. Det blei tilsett ein ny fagarbeidar i stillinga 1.april 2022.

Barnehagen har i 2022 etablert faste møte med PPT. Ressursteamet er sett saman av barnehagestyrar, PP- tenesta, avdelingsleiar/spesialpedagog, og ved behov psykolog, fysioterapeut og helsesjukepleiar. Dette er eit samarbeidsforum der barnehagetilsette kan drøfte bekymringar, og få innspel på vegen vidare. Dette er eit lågterskel tilbod, der målet er å jobbe både førebyggjande og med tidleg innsats.

Utfordringar

Personalet er barnehagen sin viktigaste ressurs og det er utfordrande å knytte til seg gode vikarar. Det at me har løpande opptak gjer at me av og til står med utfordringa å skaffe gode faglege ressursar midt i barnehageåret.

Utvalde resultat

Foreldreundersøkinga 2022

Utvalg	År	Besvarte/inviterte
Hylestad barnehage	2022	14/22 (64%)

Ute- og innemiljø	4,0
Relasjon mellom barn og voksen	4,3
Barns trivsel	4,6
Informasjon	4,5
Barns utvikling	4,5
Medvirkning	4,1
Henting og levering	4,3
Tilfredshet	4,5

RØD 0,0 - 2,8	GUL 2,9 - 3,9	GRØN 3,9 - 5
----------------------	----------------------	---------------------

Foreldreundersøkinga viser at foreldra er nøgd med barnehagen. Rapporten er lagt fram både i personalgruppa og samarbeidsutvalet for barnehagen.

Bemanning: Barnehagen har fylgt bemanningsnorm og pedagognorm i tråd med barnehagelova.

Visma Flyt Barnehage blei tatt i bruk mars 2021 og har blitt eit godt digitalt verkty som fungerer godt og er brukarvennleg. Kommunikasjon mellom foreldre og barnehagen skjer i appen Min Barnehage som har fått god tilbakemelding frå foreldra.

Løpande opptak: Valle kommune har løpande opptak dvs at dei kan starte etter at barnehageåret har starta. 100% av søkjarane har fått plass i barnehagen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Årsmelding 2022

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	4 717	4 868	4 242	-625	-14,7 %

Kommentar til status økonomi

Hylestad barnehage har eit meirforbruk på 625 486. I hovudsak skuldast meirforbruket høgare lønnskostnader enn budsjettert. Manglande refusjon frå NAV i samband med sjukefråvær og høge vikarkostnader har bidrege. Barnehagen har hatt 50% auke i straumutgifter på kr 69 972,- I tillegg er det meirkostnader knytt til utbetaling til Bykle kommune (gjestebarn), digitalt verktøy Visma Flyt Barnehage og mat.

Oppsummering tiltak

Dei siste åra har det vore svært vanskelig å få tak i vikar ved sjukdom. Det vart difor vedteke å auke bemanninga med 50% stilling for at drifta skulle bli mindre sårbar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	0,72 %	22,20 %	22,92 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,40 %	36,82 %	39,22 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,46 %	12,80 %	13,26 %

Status sjukefråvær og HMS

Langtidssjukefråværet er høgt. Å arbeide i barnehage er meir fysisk belastande enn f.eks kontorarbeid, noko som kan vere ein faktor som medverkar til det høge sjukefråværet. Det er lågt korttidsfråvær i barnehagen i 2022

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Jamlege oppfølging av sjukmelde med samtalar og spørsmål om tilrettelegging er gjennomførte. Barnehagen har trivselstiltak som sosialt samvær i løpet av året.

Helse

Beskriving av tenesteområde

Helsetenesta og LMT Setesdal (Lokalmedisinske tenester)

Helsetenesta

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen naudsynte og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, SLT (rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid) og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2022 i alt 21,7 årsverk i Helsetenesta i Bykle og Valle.

Generelt

Koronapandemien har dominert fyrste delen av 2022, men har så flata seg ut og er nå gradvis gått over i ein endemisk fase. Dette vil seie at viruset kjem til å vera ein del av kvardagen, som me alle må leva med i framtida. Det vil alltid kunne komme større eller mindre bølger av Covid-19, på lik linje med influensa og andre endemiske sjukdommar.

Stort fråvær i dei fyrste månadene har ført til ei betydeleg belastning på dei som har vore att i tenestene. Mykje av overført ferie og opptente timer frå koronapandemien kunne så ikkje takast ut og kjem til å belaste drift og budsjett òg i 2023.

Pandemien og utfordringar med bemanning har ført til at kvalitetsutvikling, interkommunalt samarbeid, arbeidet med kartlegging og endring samt generell tenesteutvikling har stagnert i fyrste halvdel av året. Etter sumaren vart det så starta opp eit omfattande gjennomgang av helsetenesta med fokus på internkontroll, økonomi og styring. Dette arbeidet kjem til å prega 2023 i veldig stor grad og er heilt naudsynt for å tilpasse helsetenesta til aktuell standard og for å kunne oppretthalde ei effektiv og forsvarleg drift.

Legetenesta og helsehus

Legetenesta har hatt stort fråvær over fleire månad i byrjinga av året. Delvis var det berre éin lege i aktiv teneste, som måtte stille opp i heile døgeret. Fleire vikarar måtte hentast inn, og fråværet har difor ført til store meirutgifter, fordi me ikkje får refusjonar på sjukefråvær i denne yrkesgruppa som overstig 6G.

Psykisk helse og rus

Tenesta har i løpet av heile året hatt 2.5 klientretta stilling, 1.55 systemretta stilling (førebygging og helsefremming, inkludert SLT-koordinator), og ingen vakanse. Stillingane er delt på 5 tilsette. Permisjonar er årsak til vikarbruk på til saman 1,5 stilling ved utgangen av året. Per 100% klinisk stilling har det vore gjeve tilbod til 53 personar, til samanlikning med 51 personar i 2021.

Individretta tilbod

Totalt har tenesta hatt kontakt med 147 personar, kor 133 personar har motteke tilbod. 79 personar vart tilvist i meldingsåret. Det er 32% retilvising i 2022. Ved slutten av året var 51% av tilboda avslutta og 39% vart vidareført inn i 2023. 7% avslo tilbod og 2% sto på venteliste ved årsskiftet.

Snittet for talet av dagar frå tilvising vart motteken til første samtale, ligg samla for kommunane på 56 dagar, samanlikna med 54 dagar i 2021. Av folketalet har tenesta kontakt med 6.8% for begge kommunane. Fordelinga mellom kjønn ligg stabilt med kvinner på 64% og menn på 36%.

Aldersfordeling; auke bland 0-10år og 41-60 år. Nedgang for 21-40 år og uendra for 11-20 år og 61-100 år. Angst, depresjon og livssituasjon er dei vanlegaste årsakene til kontakt med tenesta. Vidare tilvising er mest hyppig til spesialisthelsetenesta. 9% av dei som har motteke tilbod i 2022 har betydelege økonomiske utfordringar.

Jordmortenesta

Jordmortenesta og beredskapen har fungert stabilt, trass i eit lengre fråvær. Det har vore mykje vaktberedskap og følgjeteneste, og totalt 10 fødsler i Bykle og 20 fødsler i Valle kommune. Det er tilnærma umogleg å få inn vikar i høve fråvær. Helseføretaket gir òg klåre signal på at dei slit med same problemet og ikkje har tilgang til vikar for jordmorberedskap. Einaste løysing vert her å sende gravide kvinner ned til pasienthotellet, slik at dei kan ligge i nærleiken til sjukehuset når dei skal føde.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

I Bykle har alle helsestasjonskontrollar vorte utførte, og ingen har dermed mista tilbodet sitt. Anbefalte arbeidsoppgåver har vore stabil og vorte følgt opp som planlagd, derunder mellom anna vaksinasjonar, helsesamtalar og undervisningar. Sjukefråvær har òg her påverka drifta.

Presset på tenesta opplevast som svært høg, og difor har Statsforvalter delt ut mange millionar kronar for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta. Helsetenesta har motteke midlar tilsvarende 50% lønn til ein ny 100% helsesjukepleiarstilling, for ein periode på tre år. Ny helsesjukepleiar vart så tilsett i 2023.

Fysioterapitenesta

Tenesta vart brukt mykje i heile 2022. Fråvær har ikkje ført til eit redusert tilbod grunna tilsetting av vikar.

Ergoterapitenesta

Ergoterapeutressursen utgjer 60%, fordelt på Bykle og Valle kommunar, og er del av eit vertskommunesamarbeid om felles ergoterapeut med Valle, Bygland og Åseral kommune. Bygland er vertskommune. Ergoterapeuten har hittil jobba mest mot brukarar i pleie og omsorg, men er tilgjengeleg for heile kommunen.

Folkehelse

Folkehelseoversynet for Bykle kommune er sist oppdatert i 2016 og treng ei fornying. Folkehelsearbeidet i kommunen verkar å vera lite sett i system. En bør vera merksam på at folkehelse er berre 10% helse, og veldig mykje noko anna: skule, barnehage, teknisk etat, NAV og fleire andre har direkte påverknad på helsegradienten, som seier at folkehelsa følgjer ein gradient basert på yrke, status og inntekt.

Ny kommuneoverlege vart tilsett i mai 2022, og saman med skulefagleg ansvarleg og andre aktørar har han byrja på å etablere eit systematisk folkehelsearbeid, samt å utarbeide eit oppdatert folkehelseoversyn som kjem på plass i fyrste halvdel av 2023.

LMT

Det som blir skildra her er berre eit utdrag frå fullstendig årsmelding frå LMT Setesdal. Fullstendig årsmelding vil verte formidla som referatsak til kommunestyret.

Stillingar

Årsmelding 2022

Stillinger	Årsverk 2022	Merknad
Hele enheten	4,33	
Leder/samhandlingskoordinator	1,0	
Koordinator Psykisk helse og rus	1,0	
IKT/Systemansvarlig/PVO	1,0	Store deler av året kun 10 % stilling pga. overgang til IKT Agder
Kreftkoordinator	0,5	
Audiograf (Hørsel)	0,5 – 1,0	Ansatt 100 % i LMT Setesdal fra august. Arbeider 50% i Setesdal og 50% ved SSHF
Koordinator Hukommelsesteamet	0,5	
Sykepleier i Kardiologitjenesten	0,08	Også ansatt 92 % Sykepleier legekontor
Prosjektleder forprosjekt FACT	0,7	Midler fra Statsforvalteren

Medarbeidersamtaler og vernerunde gjennomføres årlig.

Utvalde resultat

Helse Valle/Bykle:

Systemretta arbeid

Det har vore gjennomført diverse systemretta arbeid, som omhandlar arbeid med førebygging, helsefremming, kompetansedeling og tenesteutvikling. Til dømes arbeid med:

- Kartleggingsprosjekt Oppvekstsreforma Bykle og Valle – avslutta
- Tverrfagleg rettleiing innan oppvekst (fagteam i Bykle, miljøteam i Valle) – er i gang
- Oppdatering av Tverrfagleg samarbeidsplan for barn og unge i Bykle – avslutta
- Revidering av rettleiaren Barn som bekymrar – er i gang
- FACT-prosjekt Setesdal – er i gang
- Tverrfagleg team – fast
- Rettleiing/samarbeid med helsestasjonane - fast

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	15 028	15 993	14 473	-1 520	-10,5 %

Kommentar til status økonomi

Helse og LMT Setesdal (Lokalmedisinske tenester)

Helse:

Valle:

Det er Bykle kommune som er vertskommune for helsesamarbeidet mellom Valle og Bykle. Det er eit meirforbruk på kr 1,5 mill på rammeområde for helse. Årsaka til meirforbruket er skildra på ansvara.

Valle og Bykle:

Helsetenesta har hatt eit meirforbruk på 2.5 millionar kroner, som er grunna både i store meirutgifter for handtering av koronapandemien, noko underbudsjettering og eit stort fråvær i legestaben. Auka lønsutgifter for vaksining, logistikk kring varebestilling, rapportering og eit auka behov for personalressursar har ført til eit meirforbruk på omtrent 1.2 millionar kroner relatert til koronapandemien. Helseministeren har lova at desse utgiftene vert i sin heilheit dekkja av Staten. Dette har så langt ikkje skjedd.

Omtrent ein million kroner er brukt for dekning av kort- og langtidsfråvær. Særleg fråværet i legestaben har drevet kostnadene her, då all planlagt legevakt i fråværsperioden måtte dekkjast opp for, med både løn til tilsett og vikar. Refusjonane her dekker ikkje opp for korkje fråvær eller meirutgiftene for vikar.

Resten av meirforbruket har sitt opphav i ein del underbudsjettering som ikkje kunne korrigerast grunna nullvekst i budsjettet.

LMT Setesdal

Økonomi:

Rammen som er satt er for å kunne dekke tjenestene uten tilskudd. Hvert år søkes det om tilskudd på stillinger og tiltak. Også i 2022 har LMT Setesdal fått tilskudd. Dette gjør at kommunene tilbakeføres noe midler. Fordeling av utgifter er 60 % etter folketall og 40 % fast.

Kommune	Folketall pr 01.07.21	Ramme 2022	Regnskap 2022
Bykle	930	646 100	509 111
Valle	1163	722 500	569 419
Bygland	1137	713 900	560 399
Evje og Hornnes	3648	1 550 965	1 209 610
Åseral	930	646 100	503 184
SUM	6925	4 279 565	3 351 723

Leder/samhandlingskoordinator:

Funksjonen går i positiv balanse med kr 51161,-.

Koordinator Hukommelsesteamet:

Det er søkt om og fått midler til å arrangere pårørendeskole på kr 45 000,- prosjekt 445 samt restmidler på kr 9737,- fra 2022. Pårørendeskolen har ikke klart å bruke opp midlene og restbeløpet på **26 387,62,- overføres til 2023**. Funksjonen har også fått tilskudd til lønn «Digi Hukommelse», prosjekt nr. 4029, på kr 70000,- som avsluttes i 2022. Funksjonen går i positiv balanse med kr 75 270,-.

Koordinator Psykisk helse og rus:

Funksjonen går i negativ balanse med kr 67 813,-. Dette hovedsaklig på grunn av overforbruk på Ung i Setesdal og lønnsutvikling.

Funksjonen har fått midler fra Statsforvalteren:

- 177 718,- Prosjektskjønn til rusforebyggende arbeid blant ungdom prosjekt 4023: Det er brukt 204 985,- Det vil si et overforbruk på 25 766,-
- 7756,- «Aldring og rus» prosjekt nr. 4024. Ingen midler er brukt. **7756,- overføres 2023**.
- **30 000,-** Tilskudd fra Statsforvalteren for å styrke kompetanse på personlighetsforstyrrelser **overføres til 2023**.

IKT Systemansvarlig og personvernombud:

Stillingen har vært bemannet i 100 % i januar og februar, deretter 10% i perioden 01.03 – 31.12. Arendal kommune har betalt ut godtgjøring for frikjøp av IKT systemansvarlig som kompetansemedarbeider KS e-komp Agder, prosjekt nr. 443, på kr 252 860,-

Funksjonen går i positiv balanse med kr 835 335,- (men da egenandelen til forprosjekt FACT på 106 341,- hentes fra dette ansvaret er funksjonen i positiv balanse med kr 717 051,-).

Sykepleier i Kardiologitjeneste:

Funksjonen går i negativ balanse med kr 2 677,-.

Fellesområdet interkommunal helseenget:

Refusjoner fra kommunene, husleie, samarbeid på Agder og andre fellesutgifter.

Kreftkoordinator

Funksjonen går i positiv balanse med kr 7 369,-.

Audiograf:

Det har vært vikar i mindre stillingsprosent første halvår.

Funksjonen går i positiv balanse med kr 61 564,-

Frisklivstiltak i Setesdal:

Det ble søkt om tilskuddsmidler i 2019. Vi fikk tilskuddsmidler på 220 000,- til frisklivstiltak i Setesdal i 2019. Disse midlene er fortsatt ikke brukt opp og vi søker om å få **overføre 40178,- til 2023**. I 2022 er følgende digitale frisklivstiltak laget: «Diabeteskurs» og «Hørselskurs». Disse ligger digitalt tilgjengelig for innbyggerne på nettsidene til Setesdalskommunene. I skrivende stund hadde diabetesundervisningen 30 avspillinger og hørselskurset 25 avspillinger. «Sov godt- lær meir om søvn», hadde åtte påmeldte og ble gjennomført i høst med fysisk oppmøte.

Prosjektleder forprosjekt FACT:

Prosjektet går fra september 2022 til mars 2023. Vi har fått tilskudd fra Statsforvalteren til forprosjektet på kr 600 000,-


Funksjonen går i negativ balanse med kr 106 341,- men dette er egenandelen til kommunene på prosjektet og hentes fra ansvar 4904. **Det foretas en overføring på kr 309 219,- til 2023 for å dekke prosjektets utgifter i 2023.** Funksjonen går da i balanse.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

***) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	6 355	7 323	7 699	7 549
Kostragruppe 15	3 765	4 093	4 531	3 725
Bygland	4 045	3 604	3 378	3 046
Bykle	6 930	8 307	8 532	7 488

NAV

Beskriving av tenesteområde

Fullstendig årsmelding frå NAV Midt-Agder har blitt lagt fram for kommunestyret i sak RS 5/23.

Under følgjer eit utdrag.

Litt om vertskommunesamarbeidet

Vertskommunesamarbeidet om NAV lokaltjenester for kommunene Vennesla (vertskommune), Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle ble etablert med virkning fra 01.01.2020, og har dermed fungert sammenhengende i tre år. Samarbeidet innebærer at de nevnte 6 kommunene har felles NAV kontor, som leverer tjenester for alle de 6 kommunene. I praksis er etableringen av vertskommunesamarbeidet gjennomført som en virksomhetsoverdragelse, der kommunalt ansatte i de 5 samarbeidskommunene fra og med 01.01.2020 har fått ansettelse i Vennesla kommune. For statlige ansatte er det ingen betydelig endring. Vennesla kommune leverer dermed tjenester innenfor enhetens fagområde for Vennesla samt de 5 samarbeidskommunene som er omfattet av avtalen.

De tjenestene som leveres gjennom dette samarbeidet er statlige oppfølgingstjenester (oppfølging av arbeidssøkere / brukere med ulike bistandsbehov), statlige arbeidsgivertjenester (rekrutteringsbistand, omstillingsbistand, oppfølgingsbistand, inkluderingsarbeid) og ulike kommunale tjenester (sosiale tjenester og bostøtte).

Vertskommunesamarbeidet er organisert med enhetsleder (Rolf Velle) og med 3 avdelingsledere. Avdelingslederne har delegert fag- og personalansvar for sine områder. Avdelingene i samarbeidet er:

- Økonomi og veiledning, med Cecilie Limm Pedersen som avdelingsleder (Kristin Rønning vikar fra og med februar 2023)
- Markeds og oppfølgingsavdeling, med Anne Beate Hagen Vetrhus som avdelingsleder
- Ungdoms- og inkluderingsavdeling, med Hilde Anita Wehus som avdelingsleder

NAV Midt-Agder har i tillegg ansvar for Vennesla kommunes flyktningsavdeling med Eirik Haanes som avdelingsleder.

Fra og med februar 2023 går Rolf Velle over i stilling som fengselsleder for Agder Fengsel, og fra samme dato er Cecilie Limm Pedersen konstituert som NAV leder, foreløpig til 31.10.2023. Kristin Rønning er midlertidig ansatt som avdelingsleder for økonomi- og veiledningsavdelingen.

NAV Midt-Agder er i tillegg til å være et vertskommunesamarbeid, et partnerskap mellom Vennesla kommune og NAV Agder. De administrative eierne av dette partnerskapet er kommunedirektør Svein Skisland og direktør for NAV Agder Øyvind Vedal. Marianne Wegge er kommunalsjef for oppvekst og inkludering i Vennesla kommune, og er enhets

Utvikling

Enheten har en bemanning som i 2022 har vært:

- Ca 18 årsverk på statlig side
I tillegg 4 årsverk med jobbspesialister / oppfølgingstiltak i egen regi, 1 prosjektårsverk kompetanse i sykefravær (fylkesfunksjon), 1 årsverk Helse i Arbeid ved Kongsgård sykehus (fylkesfunksjon)
- Ca 24 årsverk på kommunal side
I tillegg flykningavdeling og husbankfinansiering i Vennesla, som ligger utenfor vertskommunesamarbeidet

Enheten har hatt en betydelig reduksjon i budsjett på statlig side, med en reell nedbemanning på ca 3 årsverk gjennom 2022.

For 2023 har NAV Agder avsatt et budsjett til NAV Midt-Agder på ca 17 årsverk, som betyr ytterligere nedbemanning. Bemanningen ved inngangen til samarbeidet (2020) var 20 årsverk.

Det er fra statens side ikke tatt høyde for at enheten har 6 veiledningsentre. Det er heller ikke tatt høyde for at enheten leverer tjenester på tvers av 6 kommuner med de merkostnadene som følger med dette knyttet til administrasjon, reisekostnader og andre kostnader. Kommunene har gjennom det fremforhandlede 3% påslaget samt et tilskudd fra Vennesla kommune, fra 2023 avsatt 50% til administrasjonshjelp i samarbeidet.

Utvalde resultat

Enheten har i 2022 gjennomført kompetansehevingen og programmet Trygge veiledere i regi av RVTS, og gjennomfører i 2023 satsningen og programmet Alt det jeg er, som også handler om å trygge veiledere i sin veiledningsrolle.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
Sum	2 418	3 567	2 134	-1 433	-67,2 %

Kommentar til status økonomi

Rammeområdet for NAV har eit meirforbruk på 1,4 mill. Det høge forbruket har sin årsak i mottak av flyktninger som det ikkje var budsjettert for. Dette er finansiert med integreringstilskot som er ført på ramme 80, rammetilskot.

Status sjukefråvær og HMS

Enheten hadde et sykefravær blant de statlige ansatte, på 12,1% i 2021 og 18,7% i 2022. På kommunal side var sykefraværet i 2021 på 4,8% og i 2022 på 11,4%.

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Enheten etablerte fra mai 2022 AMU underlagt AMU i Vennesla kommune og AMU i NAV Agder. AMU NAV Midt-Agder har hatt tre møter i 2022, og sykefravær og nærværarbeid har vært et viktig tema for disse møtene. Fraværene har så langt enheten kjenner til ikke sammenheng med arbeidssted eller arbeidsoppgaver, men handler om langvarig sykdom og andre helsevansker. Samtidig er nok dette sammensatt, og noe som bør være gjenstand for fokus også i 2023. Vi har indikasjoner på at det er krevende for ansatte å basere mye av driften på reising mellom ulike NAV oppmøtesteder, og kan ikke utelukke at slitasje knyttet til dette også påvirker fraværet.

Pleie og omsorg

Beskriving av tenesteområde

Organisasjonskart



Årsmelding 2022

	2022 årsverk
Leiar	1,0
Sjukepleiar	12,0
Vernepleiar	1,0
Helsefagarbeidar/Hjelpepleiar	27,0
Assistent	7,4
Kjøkken	2,7
Dagsenter	1,2
Kontomedarbeidarar	0,8
Reinhald	1,4
Vaskeri	0,6

Utvikling

Tenestelevering	2021	2022
Langtidsplass	12	13
Korttidsplass	23	26
Korttidsplass akutt	15	16
Avlastning	1	2
Heimesjukepleie	61	58
Heimehjelp	32	34
Matombringning	83 pr/v	91 pr/v
Koordinator	9	6
Omsorgslønn	2	2
Fritidskontakt	2	1
Døgnbemanning/Ress.krevjande	3	3
Tryggleiksalarm	44	41
Dagsenter, lille	6-8 pr dag	7-8 pr dag
Dagsenter, store	18-22 pr dag	26-28 pr dag

Utfordringar

Hovudutfordringa for Pleie og omsorg er rekruttering/bemanning.

Det vil vere vanskelig å rekruttere nok folk framover. Det er viktig å legge til rette for at folk ønsker å busette seg og arbeide i Valle kommune.

Det er i 2022 brukt vikarbyrå. Det er dårleg tilgang på tilkallingsvikarar. Det er ikkje ufrivillig deltid blant fagarbeidarar.

Det er venta stor auke i talet på personar over 80 år og eldre fram mot 2030 og 2040. Ein må no setje inn tiltak som gjer at folk kan bu heime lengst mogleg, bl.a. med å leggje til rette for fleire sentrumsnære bustader og ha eit førebyggjande fokus i tenesta.

Utvalde resultat

Pleie og omsorg i Valle kommune har vridt tenestene frå institusjon til meir heimebasert tenester. 92% av bebruarane på institusjon har eit omfattande omsorgsbehov. Liggjedøgn på institusjon var i 2016 1246 dagar. Det er redusert til 700 dagar i 2022.

Heimebaserte tenester har auke i brukarar og det har vore opp mot 25% av brukarane som har omfattande behov.

Det har i 2022 også vore meir fokus på dei førebyggjande tenestene slik som kvardagsrehabilitering og aktivitetsven. Dette er tenester som vert tildelte før dei tradisjonelle tenestene og legg til rette for at folk kan klare seg i eigen bustad utan stort hjelpebehov.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	40 818	42 106	39 062	-3 044	-7,8 %

Kommentar til status økonomi

Meirforbruket skuldast i hovudsak at kostnadene med innleige av vikarar og vikarbyrå vart vesentleg høgare enn budsjettert (1,1 mill. kr), høgare pensjonskostnader enn budsjettert (1,6 mill. kr) og overtidsgodtgjering knytt til Covid-pandemien (0,5 mill. kr). I løpet av året er pleie og omsorg kompensert med 1 mill. kr for auka straumkostnader, men anna kostnadsauke er ikkje kompensert. Lønsoppgjeret er ikkje lagt inn på rammeområdet, men på ansvar 3310, og påverkar meirforbruket.


Ein sterkt medverkande årsak til kostnadsauken knytt til vikarinneleige er rekrutteringsutfordringane helse- og omsorgstenestene opplever, både i Valle og på nasjonalt nivå.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	25 504	26 017	26 879	27 272
Kostragruppe 15	23 650	23 901	25 261	22 132
Bygland	27 035	26 520	27 608	29 612
Bykle	30 550	32 910	38 212	38 450

Sjukefråvær

Fråvær

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,72 %	5,58 %	6,30 %
Årleg sjukefråvær 2020	0,46 %	4,13 %	4,60 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,99 %	14,17 %	15,16 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,58 %	4,20 %	4,78 %

Status sjukefråvær og HMS

Valle kommune har eit måltal på 5 % for sjukefråvær.

Pleie og omsorg ligg totalt rett i underkant av dette. I ein sektor som generell ligg høgt på sjukefråvær er dette bra. Særleg med tanke på at covid-pandemien påverka tenesta i starten av 2022. Ein vil uansett framleis jobbe for eit godt arbeidsmiljø der alle trivst på jobb og fylgje opp sjukmeldte i tråd med rutiane.

Teknisk

Beskriving av tenesteområde

Teknisk eining har ansvar for områda: teknisk sjef, teknisk drift, forvaltning, VAR, drift veg og reinhald.

Teknisk eining har 27,62 årsverk fordelt på 29 tilsette

Teknisk eining i Valle kommune har ansvaret for drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygningar og infrastruktur, og planlegg og gjennomfører større prosjekt.

Infrastrukturen som ligg under teknisk eining inkluderer vass- og avløpssystem, vegar, gangvegar og grøntområde. Samarbeid med andre kommunale einingar, entreprenørar og konsulentar er også ein del av arbeidet til teknisk eining for å sikre effektiv og trygg gjennomføring av prosjekta.

I Valle kommune ligg og forvaltning under teknisk eining. Forvaltning handsamar plan- og byggesaker, landbruk, viltforvaltning, kartverk og matrikkel.

Teknisk eining har og ansvaret for den kommunale veterinærdekkinga.

Utvikling

Utvikle god verksemdstyring, spesielt med fokus på kvalitet på riktige tenester, tenesteforbetring og utvikling, interntkontroll og økonomistyring i eininga.

Utfordringar

Rekruttering av relevant kompetanse er ei kontinuerlig utfordring for eininga.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2021	2022	2022		
580-Teknisk drift	8 271	12 978	15 435	2 457	15,9 %
585-Forvaltning	3 151	3 309	4 167	858	20,6 %
586-VAR	416	1 139	-594	-1 733	-291,8 %
587-Drift veg	3 784	5 284	4 277	-1 007	-23,6 %
588-Administrasjon - teknisk	3 114	2 788	2 185	-603	-27,6 %
589-Drift reinhald	5 574	6 131	5 013	-1 118	-22,3 %
Sum	24 310	31 629	30 483	-1 146	-3,8 %

Kommentar til status økonomi

Det er eit forbruk på 103,8% totalt på teknisk. Det vil si meirforbruk, k på 1,1 mill. Det er tilført budsjettmidlar til auka straumkostnader på ramme 58, mens det er eit mindreforbruk på straum i høve justert budsjett på 1,6 mill.


Det er store avvik til både kanter på avdelingane. Syner til tekst på tre siffer.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - samanlikna med KOSTRA-gruppe og nabokommunar

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov




	2019	2020	2021	2022
Valle	2 071	3 389	3 026	3 198
Kostragruppe 15	1 481	1 378	1 376	1 396
Bygland	4 978	4 468	4 146	4 189
Bykle	12 605	10 509	10 713	8 243

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov




	2019	2020	2021	2022
Valle	2 238	2 294	4 309	3 425
Kostragruppe 15	1 973	1 997	2 144	1 869
Bygland	2 420	2 873	3 514	3 781
Bykle	4 785	4 434	4 879	3 522

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov




	2019	2020	2021	2022
Valle	-865	794	1 102	2 679
Kostragruppe 15	180	238	550	784
Bygland	617	1 063	1 495	1 735
Bykle	5 133	3 586	5 427	6 080

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov




	2019	2020	2021	2022
Valle	3 841	5 574	18 393	4 359
Kostragruppe 15	3 659	3 986	4 293	3 670
Bygland	3 076	1 812	2 464	2 755
Bykle	13 319	12 470	9 235	11 229

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Landbruk (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2019	2020	2021	2022
Valle	161	186	154	183
Kostragruppe 15	135	123	118	133
Bygland	133	175	116	94
Bykle	452	257	239	610

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Risiko	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Driftsnivå for tenestoområde Teknisk	-1 000	Ferdig	Nedtrekk på 1 000 000 for budsjettåret 2022. Denne er fordelt over heile eininga.
Sum	-1 000		
Nye tiltak			
DWG-tegninger	100	Ferdig	Det er utarbeida teikningar for helsehuset og kommunehuset.
Vedlikehald av kommunale bygg i Valle kommune 2022-2025	1 500	Ferdig	Sjå kommentar under.
Sum	1 600		
Politisk vedtak			
50 % auke i stilling som arealplanleggar	325	Ferdig	Arealplanleggjar tilsett. Det meste av planarbeid vert no gjort internt.
Sum	325		
Sum tiltak	925		

Vedlikehald av kommunale bygg

Oppgradering Valle Barnehage.

Valle kommune har i 2022 gjennomført ei større oppgradering av Valle barnehage.

I alle 3 avdelingene er vegger, tak og vindauge måla.

Det er også lagt nytt golvbelegg med demping som er spesialtilpassa born som leikar mykje på golvet.

Ved inngangsparti er det lagt miljøtepper for å fange opp sand o.l.

Utanom dette er det kaupt inn nye garderobeinnreiingar, kjøkkeninnreiing, varmpumper, tørkeskap, flatskjermer i tillegg til mindre inventar og utstyr.

Det er brukt ca. 700 000 av driftsmidlane til dette i 2022.

Utvendig måling av kommunale bygg.

I 2022 er det gjennomført utvendig måling av Valle hybelbygg og 2 mannsbolig i Åsan grensefelt 1 og 3. Dette er i henhold til vedlikahaldsplanen for kommunale bygg.

Det er brukt ca. 150 000 av driftsmidlane til dette i 2022.

Me valgte å utsettje måling av kommunehuset, då dette har ein kostnad på ca. 600 000

Oppgradering av omsorgsbustadar.

Me har i 2022 oppgradert 2 omsorgsbustadar.

Det er også bytt vindu i 2 av dei eldste omsorgsbustadane.

Det er brukt ca. 350 000 av driftsmidlane til dette i 2022.

Reingjering av ventilasjonskanalar.

I 2022 er det utført reingjering av ventilasjonskanaler i Valle barnehage og Hylestad barnehage. Det er brukt ca. 100 000 av driftsmidlane til dette i 2022.

Mindreforbruk.

Årsaka til mindreforbruket på kr. 200 000 skuldast att kostnader til nytt golvbelegg i Valle barnehage er ført på driftsbudsjettet, då dette er å sjå på som ei større oppgradering grunna demping og att ein slepp det årlege vedlikehaldet med boning.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	0,00 %	10,63 %	10,63 %
Årleg sjukefråvær 2021	0,69 %	5,36 %	6,05 %
Årleg sjukefråvær 2022	0,19 %	7,71 %	7,91 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråver på 7,91%. 7,71% av dette er langtidfråver og er ikke arbeidsrelatert.

Teknisk drift

Beskriving av tenesteområde

Teknisk drift

Teknisk drift har totalt 6 tilsette fordelt på 5,75% stilling innafor dei ulike ansvarsområda: kommunale bygg, bustader, grøntareal og kyrkjegardsdrift.

Kommunale bygg og bustader:

Vi forvaltar, driftar og vedlikeheld bortimot 80 bygningar med eit samla areal på omlag 35 000 m².

Park:

Ca. 75 000 m² med park/kyrkjegardsområde vert vedlikehalda i form av plenklipp (1 gong i veka), kantslått, samle lauv og kvist, felling av tre/busker og liknande.

Kommunale bustadfelt:

Flateland, Øyne, Homme, Leite, Brokke, Rysstadmo, Åsan, Helle.

Gjerding, rydding av vegetasjon, oppfølging av overflatevasskummar, kulvertar, ristar, grøfter m.m. er dei viktigaste faste gjeremåla her.

Vedlikehald av bade/rasteplassar:

Marhyl (bygg), Honnevje, redningsutstyr Halland.

Kommunale industriområder:

Rysstadmo, Øyne, Nomeland

Gjerding, rydding av vegetasjon oppfølging av overflatevasskummar, kulvertar, ristar, grøfter m.m. er dei viktigaste faste gjeremåla her.

Utanom teknisk drift sine ansvarsområde har vi ansvar for:

- Vaktmeistartenester, Setesdal VGS, avd. Valle.
- Trygghetsalarmer og alt av hjelpemidler, samt henting og levering til Evje.
- Måke snø, strø og bere ved for eldre heimebuande som treng denne hjelpa.
- Transport for til/frå dagsenter og psykisk helse til Valle bygdeheim.
- Transport av kister ved dødsfall frå Valle bygdeheim til bårehus.
- Frakte bord og benkar i samband med større arrangement som 17. mai, Sentrumsfrokost o.l.
- Lyd og ljøs ved ulike arrangement.

Utvikling

- Sjå på moglegheit for å effektivisere drift i form av ny teknologi.
- Oppgradering av eldre anlegg og bygg til dagens nivå når det gjeld: varme, ventilasjon, smartteknologi, LED m.m.
- Vurdere behov og sjå på moglegheit for arealeffektivisering av ulike bygg.
- Nytte vedlikeholdsplanen aktivt for oppgradering av bygningsmassen.
- I FDV systemet Plania er det pr. 31.12.22 lagt inn 345 faste rutiner, med ulik intervall frå 1 gong i måneden til ein gong i året. Mykje av desse rutinene er lovpålagte rutiner i forhold til internkontroll og brannforbygging i §13 bygg, men også ein del rutiner for å forebygge havari, skader og liknande som følge av manglande ettersyn.
Dette vil på lengre sikt vil føre til att ein får ein betre oversikt over dei ulike bygg, anlegg og maskiner.
Ein vil etter kvart kunne forvente att ein får mindre kostnader til akutte tiltak og reparasjonar.
- Vi har dei siste 2 åra gått til innkjøp av 2 stk. robotklipparar i året. Dette held fram dei neste åra for å frigjere arbeidskraft til anna førefallande arbeid.

Utfordringar

- Ein har over tid sett eit stadig større vedlikehaldsetterslep på den kommunale bygningsmasse. Det har vore satt av for lite midlar til vedlikehald og konsekvensen av dette vert meir og meir synleg. Store delar av midlane har vorte nytta til drift og akutte tiltak. For å få eit betre oversikt over etterslepet på bygningsmassa vart det i 2021 utarbeida ein vedlikehaldsplan for kommunale bygg. Vedlikehaldsplanen er meint som ein status over ulike tiltak som det er behov for å gjennomføre. Kva av tiltaka som vert gjennomført er avhengig både av økonomi, intern kapasitet, ekstern kapasitet og prioriteringar.
- Lite ledige interne ressursar til å gjennomføre vedlikehaldsoppgåver gjer at ein er avhengig av å kjøpe inn tenester. Særleg gjeld dette i sommarhalvåret då mykje av personellressursane er bundne opp i faste oppgåver.
- Stadig større kompleksitet i bygningsmassen med tanke på tekniske installasjonar som ventilasjonsanlegg, automatikkanlegg, varmeanlegg etc. med elektronisk styring og SD-anlegg krev aukande behov for teknisk driftspersonell med fagbrev og med brei kompetanse innan bygg og tekniske installasjonar. Lønnsnivået i kommunen ligg under privat sektor og dette gjer det utfordrande å rekruttere slikt personell.

Utvalde resultat

Gjennomførte driftiltak i 2022

- Utvendig måling av Valle hybelbygg.
- Utvendig måling av 2 mannsbolig i Åsan.
- ENØK tiltak som f.eks oppgradering til LED belysning.
- Oppgradering av Valle barnehage.
- Oppgradering av omsorgsbustad 124 og 125.
- Nye vindauge i omsorgsbustad 101 og 102.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 271	12 978	15 435	2 457	15,9 %

Kommentar til status økonomi

Årsresultatet for Teknisk drift syner eit overskot på kr. 2 457 174

Mindreforbruket skuldast i hovudsak at heile budsjettauken på kr 2 844 000 til auka straumutgifter er budsjettert på teknisk drift, og ikkje fordelt på dei enkelte tenesteområda. I tillegg til auka straumutgifter er også utgifter til vedlikehald av kommunale bygg og leige av gymsal ved Setesdal Folkehøgskule budsjettert her.

Dette medfører att ein har eit stort mindreforbruk på dette ansvarsområdet, mens store delar av dei faktiske utgiftene ligg på ansvarsområda 5803 Skule- og barnehagebygg, 5804 Idrett- og kulturbygg og 5808 Kommunale bustadar.

Status økonomi

Oppgradering Valle Barnehage.

Valle kommune har i 2022 gjennomført ei større oppgradering av Valle barnehage.

I alle 3 avdelingene er vegger, tak og vindauge måla.

Det er også lagt nytt golvbelegg med demping som er spesialtilpassa born som leikar mykje på golvet.

Ved inngongsparti er det lagt miljøtepper for å fange opp sand o.l.

Utanom dette er det kaupt inn nye garderobeinnreiingar, kjøkkeninnreiing, varmpumper, tørkeskap, flatskjermer i tillegg til mindre inventar og utstyr.

Det er brukt ca. 700 000 av driftsmiddlane til dette i 2022.

Utvendig måling av kommunale bygg.

I 2022 er det gjennomført utvendig måling av Valle hybelbygg og 2 mannsbolig i Åsan grensefelt 1 og 3.

Dette er i henhold til vedlikahaldsplanen for kommunale bygg.

Det er brukt ca. 150 000 av driftsmiddlane til dette i 2022.

Me valgte å utsettje måling av kommunehuset, då dette har ein kostnad på ca. 600 000

Oppgradering av omsorgsbustadar.

Me har i 2022 oppgradert 2 omsorgsbustadar.
Det er også bytt vindu i 2 av dei eldste omsorgsbustadane.
Det er brukt ca. 350 000 av driftsmidlane til dette i 2022.

Reingjering av ventilasjonskanalar.

I 2022 er det utført reingjering av ventilasjonskanalar i Valle barnehage og Hylestad barnehage.
